

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutval i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn



Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Askvoll kommune

Utval: Kontrollutval – Askvoll kommune
Møtedato: 14.03.2012
Møtetid: 09.00
Stad: Sjukeheimen Askvoll - Storstova.
Møtenr.: 1/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen sak (3 – 5/12), Revisor sak (5 – 7/12)

Melding til: Ordfører(møterett), rådmannen og KRYSS- revisjon(møterett) og varamedlemmer (varamedlemmer vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- 001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 002/12 Skriv og meldingar
- 003/12 Orientering teknisk sektor v/rådmannen.
- 004/12 Klagesak – Vurdering lovlegheit av kommunestyrevedtak sak 15/11 Forskrift for vass- og avlaupsgebyr.
- 005/12 Investeringsprosjekt – Rekneskapar og sluttrapportar.
- 006/12 Eigenvurdering uavhengigheit revisor.
- 007/12 Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdering av innkjøpsfunksjonen.
- 008/12 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg.
- 009/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.
- 010/12 Møteplan 2012 for kontrollutvalet.
- 011/12 Oppfølgingsliste 1-2012 Askvoll.
- 012/12 Eventuelt

Askvoll 09. mars 2012.

Jorunn Ringstad (s)
Leiar


Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutval i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

001/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 01.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.03.2012	001/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

002/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 02.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.03.2012	002/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01-12 Årsrapport for 2011 Skatteoppkrevjaren i Askvoll.
- SM 02-12 Kontrollrapport 2011 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Askvoll kommune.
- SM 03-12 Varsel om planlagt representantskapsmøte i SUM 27. april 2012.
- SM 04-12 Revisjonsuttale – Rapportering omstillingsmidlar Askvoll kommune 2011.
- SM 05-12 Engasjementbrev frå KRYSS revisjon – Askvoll kommune, datert 09.02.12.
- SM 06-12 Avslutning av årsrekneskapen for år 2011.
- SM 07-12 tinging frå kontrollutvalet i Askvoll – Overordna analyse – Askvoll kommune 2012.
- SM 08-12 Brev frå Kryss revisjon til Askvoll kommune om attendebetaling avrekna revisjonshonorar 2010, datert 24.11.11.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld


Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



Årsrapport for 2011

Skatteoppkrevjaren i Askvoll kommune

Innhold

1. Generelt om skatteoppkrevjarens verksemd	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret	3
1.1.1 Ressursar	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressursar og kompetanse	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Vurdering av skatteinngangen	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret	4
1.3.2 Kommunens del av skatteinngangen i regnskapsåret	5
1.4 Skatteutval	5
2. Skatterekneskapet	5
2.1 Avlegging av skatterekneskapen	5
2.2 Margin	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2010	5
2.2.2 Kommentarer til marginavsetninga	6
3 Innkrevjing av krav	6
3.1 Restanseutviklinga	6
3.1.1 Totale restansar og berostilte krav	6
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklinga i restansar	
3.1.2 Restansar eldre år	7
3.1.3 Kommentarer til restansar og restanseoppfølginga for eldre år	7
3.2 Effektiviteten av innkrevjinga	7
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 30.06.2011	7
3.2.2 Vurdering av i kva grad, og korleis innkrevjingsaktiviteten har påverka innkrevjingsresultatet	7
3.2.3 Omtale av spesielle forhold	8
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga	8
3.3 Særnamskompetanse	8
4 Arbeidsgjevarkontroll	8
4.1 Organisering av Arbeidsgjevarkontrollen	8
4.2 Planlagde og gjennomførte kontroller	8
4.3 Resultater frå arbeidsgjevarkontrollen	8
4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen	9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar	9
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak	9

1. Generelt om skatteoppkrevjarens verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressursar

	Årsverk	%- del fordelt
Tal årsverk ved SKO som kun er nytta til SKO - funksjonen i 2010	1	100 %
Ressursbruk ved SKO, fordeling av årsverk	-----	-----
	-	
Skatterekneskap		30 %
Innkrevjing av skatt/arbeidsgjevaravgift		35 %
Kontrollverksemd		25 %
Informasjon og rettleiing mot skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar		5 %
Skatteutval		%
Administrasjon		5 %
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjarfunksjonen er organisert i staben ved økonomiavdelinga i Askvoll.

Økonomiavdelinga er ein av stabane til rådmannen.

Økonomiansvarleg er skatteoppkrevjar sin næraste administrative overordna.

Skatteoppkrevjaren har 100% stilling der arbeidet som skatteoppkrevjar er stipulert til om lag 75% stillingsdel. I tillegg kjem ressursen av interkommunal rekneskapskontrollør der Askvoll kommune sin stillingsdel i 2011 utgjer ca 25%.

Askvoll kommune, Fjaler kommune og Hyllestad kommune har inngått samarbeidsavtale om skatteoppkrevjaroppgåver, som skal sikre arbeidssituasjonen ved kortvarig sjukdom og ferie.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Skatteoppkrevjaren er åleine om oppgåvene som høyrer inn under skatteoppkrevjar sitt ansvarsområde, og har i tillegg arbeidsoppgåver med innkrevjing av kommunale krav.

På grunn av at skatteoppkrevjar er åleine om arbeidsoppgåvene, vert kontoret sårbart ved ferie og eventuelt sjukefråvær. Det er difor inngått ein samarbeidsavtale med Fjaler kommune og Hyllestad kommune, jf. pkt. 1.1.2, slik at skatteoppkrevjarane har gjensidige tilgangar og fullmakter til å kunne utføre arbeidsoppgåver for kvarandre ved behov.

Askvoll kommune deltek i interkommunalt samarbeid om felles rekneskapskontrollør i HAFS - regionen. Solund har arbeidsgjevaransvar for denne stillinga.

Under ein normalsituasjon vert bemanninga vurdert som tilfredstillande for dei hovudområda som skatteoppkrevjaren skal utføre.

For fagleg oppdatering og utvikling deltar skatteoppkrevjaren og rekneskapskontrolløren på kurs og konferansar m.m. som er relevant for dei arbeidsoppgåvene som skal utførast.

I Juni 2011 slutta tidlegare Skatteoppkrevjar og ny person ble tilsett.

Ny skatteoppkrevjar jobba 50% ut 2011, grunna foreldrepermisjon.

Det har vore sjukemeldingar på økonomiavdelinga i kommunen og ein har ikkje hatt ressursar til å dekkje opp dei manglande 50% i Skatteoppkrevjarstillinga, dette i tillegg til at nytilsett er ny som skatteoppkrevjar så tilseier dette at ein ikkje alltid har fått gjort det ein burde.

Situasjonen reknast å bli betre i 2012 då stillinga blir bemanna 100%.

1.2 Internkontroll

Eit system for internkontroll er gjerne samansett av tre element; styrande dokumentasjon, gjennomførande dokumentasjon og kontrollerande dokumentasjon, og omfanget blir tilpassa den enkelte skatteoppkrevjarkontors størrelse og kompleksitet i oppgåvene.

Det er utarbeidd ein internkontrollperm som er oppbygd etter dette systemet, dette for å sikre internkontroll ved Askvoll skatteoppkrevjarkontor.

Som ein del av internkontroll er det utarbeidd verksemdplan for 2011 som synleggjer størrelsen og utviklinga, mål, resultatkrav, strategiar, tiltak, retningslinjer for rapportering, kritiske suksessfaktorar, evaluering, og forfallskalender for dei ulike oppgåvene for kontorets verksemd.

Som ein del av internkontrollen er det utarbeidd lokale rutineskildringar, som synleggjer korleis oppgåvene skal utførast. Det er i tillegg rutinar i Sofie (skatterekneskapsprogrammet) for den enkelte arbeidsoperasjonen som det blir vist til.

Det blir jamleg føretatt bankavstemming og månadlege periodeavstemming. Kontroll av tilgang og fullmakter blir kontrollert i samband med periodeavstemming.

1.3 Vurdering av skatteinntangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

	2011	2010	Endring 2010-2011
Arbeidsgjevaravgift	25 319 320	24 103 636	1 215 684
Personlege skatteytarar	178 161 166	171 117 987	7 043 179
Selskapsskatt	14 853 315	7 269 497	7 583 818
Renter	-176 676	-575 978	-399 302
Innkrevjing	3 280	-14 705	17 985
Sum innbetalt skatt og avgifter	218 160 404	201 900 437	16 259 967

Skattinntang til skattekreditorane	2011	2010	Endring 2010-2011
Askvoll kommune	50 601 372	55 077 284	-4 475 912
Staten	80 777 442	65 256 683	15 520 759
Fylkeskommunen	11 113 588	10 669 809	443 779
Folketrygda	75 668 002	70 896 661	4 771 341
Sum	218 160 404	201 900 437	16 259 967

Den totale skatteinntangen for 2011 syner samla kr 218 160 404,- og ligg 16,26 mill over resultatet for 2010.

1.3.2 Kommunenens del av skatteinngangen i regnskapsåret

Skatteinngangen for Askvoll kommune for år 2011 er på kr 50 601 373 mot kr. 55 077 284 for år 2010, som er ei minke i kroner på 4 475 912,- og i prosent på 8,13.

Askvoll kommune budsjettert med ein skatteinngang på kr 50 536 000 for 2011.

Det vart føretatt ein justering av budsjettet etter 1.kvartal til kr 51 750 000.

Avvik i kroner frå revidert budsjett 2010 er på kr 1 214 000.

Avvik i prosent frå revidert budsjett 2010 er 2,35%.

1.4 Skatteutval

Skatteutvalet har ikkje handsama sakar i 2011.

2. Skatterekneskapet

2.1 Avlegging av skatterekneskapen

Avlegging av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren i Askvoll kommune bekreftar at skatterekneskapen for 2011 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevere

§ 3-1.

- Det er ikkje mottatt pålegg om rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrollleining.

Årsrekneskapen for 2011 følgjer som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2010

Beskriving	Beløp
Innestående margin for inntektsår 2010, pr. 31.10.2010	0
For mye avsett margin for inntektsår 2010	0
For lite avsett margin for inntektsår 2010	6 149 250

Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 10 %. Gyldig frå: 25.10.2010

2.2.2 Kommentarer til marginavsetninga

Marginavsetning for inntektsåret 2011, pr. 31.10.2011 kr

Askvoll kommune hadde underskot på marginoppgjøret 2008, 2009 og 2010 på høvesvis kr 4,5 mill år 2008, kr 6,7 mill år 2009 og kr 6,5 mill for 2010.

Utbetaling av overskytande forskot for dei tre siste åra er på ca

18 mill år 2008 og 21 mill for år 2010 og 22,7 mill for år 2011.

Prosentsatsen for marginavsetning var uendra i fleire år før den vart endra i 2010.

3 Innkrevjing av krav

3.1 Restanseutviklinga

3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2011	Herav berostilt restanse 31.12.2011	Restanse 31.12.2010	Herav berostilt restanse 31.12.2010	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	4 830 579	670	3 399 661	670	1 430 918	0
Arbeidsgiveravgift	87 989	0	18 673	0	69 316	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	21 947	0	31 312	0	-9 365	0
Forskuddsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskuddsskatt person	621 773	0	547 783	0	73990	0
Forskuddstrekk	116 638	0	27 094	0	89 544	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	28 372	670	23 814	670	4 558	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	3 952 860	0	2 750 785	0	1 202 075	0
Restskatt person	1 000	0	200	0	800	0
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0	0	0
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav0	4 830 579	670	3 399 661	670	1 430 918	0

3.1.2 Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Den totalt restansemassen har pr. 31.12.2011 ein auke i forhold til førre år med om lag 1,4 mill.

Det er ingen endring i berostilte krav.

Utgiftsførte eller lempa krav

Det er i 2011 ikkje utgiftsført krav.

Det er ikkje føretatt lemping av krav i 2010.

3.1.3 Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2009	259 782	208 277
2008	920 222	916 336
2007	583 905	583 390
2006	338 286	338 286
2005 – 19XX	61 237	-----

3.1.4 Kommentarer til restansar og restanseoppfølginga for eldre år

Restanselister og rapportar vert gjennomgått og tiltak sett i verk for om mogeleg å få oppgjort restansar og hindre at krav vert forelda.

Restansane for åra 2006-2008 gjeld nokre av dei same aktørane omtalt i pkt 3.1.2.

Skatteoppkrevjar vonar ei betring i restansesummen då det er tvangspågang på fleire av desse aktørane i skrivande stund.

Rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato tom 31.12 er gjennomgått.

Tall krav som var forelda per 31.12.11: 0

3.2 Effektiviteten av innkrevjinga

3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 30.06.2011

Rapportering frå skatteoppkrevjarkontoret til skattekontoret pr. 30.06.11				
Kommunenr:	1428			Askvoll
Innbetalt skatt/avgift av sum krav siste år, fordelt på skatte - / avgiftsart	Resultat pr. 30.06.11	Resultatkrav	Differanse	Kommentarar til avvik
Restskatt 2009 for personlige skattytarar	94,8 %	94,0 %	0,8%	
Forskotstrekk 2010	100,0 %	99,9 %	0,1 %	
Forskot 2010 for personlege skattytarar	99,5	99,5 %	0,0 %	
Arbeidsgjevaravgift 2010	99,9 %	99,7 %	0,2 %	
Innkrevd restskatt av sum krav til innkrevjing siste år, inntektsåret 2009	60,6 %	62,0 %	-1,4 %	

3.2.2 Vurdering av i kva grad, og korleis innkrevjingsaktiviteten har påverka innkrevjingsresultatet

Dersom krav ikkje blir betalt ved forfall vil det kort tid etter automatisk bli sendt ut varsel om tvangsinnkrevjing. Dersom varsel ikkje gjev resultat startar det vidare innkrevjingsarbeidet. Innkrevjingstiltak som er blitt nytta i 2011 er utleggsforretningar, utleggstrekk og motrekning.

Det er ikkje i 2011 kravd tvangssal eller bistand til innkrevjing i utlandet.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

4 aktørar har ein samla restanse på kr. 3 360 925,- som utgjer 70 % av restansen.

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Kontoret prøver å delta på kurs og anna opplæring for å heve kompetansen noko som på sikt kan betre effektiviteten.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren i Askvoll har i 2011 nytta særnamskompetansen sin etter sktbl. § 14-3. Skatteoppkrevjar er under oppfatning av at innkrevjingsarbeidet går hurtigare og ryddigare med denne særkompetansen. Ein slepp å vente på lang sakshandssamingstid hjå Namsmannen, og har meir oversikt over krava og framgangen.

4 Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollane

Askvoll kommune deltek i interkommunalt samarbeid om felles rekneskapskontrollør i HAFS - regionen. Interkommunal rekneskapskontrollør ho gjekk over i vikarstilling som økonomisjef / SKO i Solund frå 17. September, det blei tilsett ein vikar som byrja den 01.11.2011. I midten av Desember blei ho sjukemeldt på ubestemt tid.

Det er foreslått eit utvida samarbeid mellom fleire kommunar i fylket, skatteoppkrevjar stiller seg positiv til dette då det viser seg at ein er ganske sårbar for fråvær og anna når ein berre har ein kontrollør i regionen. Ein reknar med at kostpris pr kontroll vil minke ved ei utviding av samarbeidet, tettare samarbeid mellom kontrollørane vil auke kompetansen og tryggheta.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Tal planlagde kontrollar for 2011: 7

Som utgjør: 5 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar 2011: 3 + 3*

Som utgjør: 3,1 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar i 2010: 4

* IRK har samla inn rekneskap til 3 arbeidsgjevarar i slutten av 2011, men vart sjukemeldt i midten av desember og ein er dermed ikkje sikker på kor langt dei ymse kontrollane er komen.

4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

Det er utført ein kontroll med resultat i 2011, her vart det vedtatt 200.000 kr høgare grunnlag for arbeidsgjevaravgift, 138.000 i høgare inntektsgrunnlag, det blei også ilagt ei tilleggsavgift.

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Etter kontrollplanen skulle rekneskapskontrolløren gjennomføre sju kontrollar for Askvoll , medan det vart utført tre. Det er påbegynt ytterlegare 3 kontrollar. Skatteoppkrevjar vonar at eit utvida samarbeid vil bli oppretta då ein ikkje er nøgd med aktivitetsnivået pr dags dato.

Skatteoppkrevjarkontoret oppmuntrar til utvida samarbeid med fleire kommunar i fylket for å betre effektiviteten av arbeidsgjevarkontrollane. Ein har søkt å få tak i midlertidig vikar for IRK då ho er sjukemeldt, men ikkje lukkast. IRK's kompetanseområde er snevert og det er råd å få tak i nokon på kort varsel.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar

Det har ikkje vore samarbeid med andre kontrollaktørar i 2011.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Det har i 2011 vore litt nyetablering av arbeidsgjevarar i kommunen. Det blir sendt ut informasjon frå skatteetaten til nyregistrert næringsdrivande - enkeltpersonføretak. I tillegg blir det informert via telefon og e-post etter førespurnad/ved behov. Dei fleste arbeidsgjevarane nyttar rekneskapskontor til tenester på lønsområdet og kommunikasjonen går i stor grad mot desse.

Sted/dato: Askvoll, 23.01.2012





Skatteetaten

SM02-12

Saksbehandlar
Frank Jøntland

Dykkar dato

Vår dato
20.02.2012

Direkte tlf
55 57 84 29

Dykkar referanse

Vår referanse
2011/121923

Kommunestyret i Askvoll kommune
Postboks 174
6988 ASKVOLL

Kontrollrapport 2011 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Askvoll kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar", fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen verkar tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse
Njøsavegen 2

6863 Leikanger
skattvest@skatteetaten.no

Besøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr.: 991733108

Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01

2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

2.1 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 30. juni 2011 for skatteoppkrevjarkontoret i Askvoll kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK:	Innbetalt av sum krav (i %):	Resultat- krav (i %):	Innbetalt av sum krav (i %) førre år:	Innbetalt av sum krav (i %) regionen:
Restskatt personlege skattytarar 2009:	4,60	94,8	94,0	93,5	92,2
Arbeidsgjevaravgift 2010:	24,41	99,9	99,7	99,5	99,8
Forskotskatt personlege skattytarar 2010:	16,44	99,5	99,5	99,4	97,8
Forskotttrekk 2010:	76,43	100,0	99,9	99,9	99,9

2.2 Arbeidsgjevarkontroll

Resultatet for kommunen per 31. desember 2011 viser følgjande¹:

Tal arbeids- gjevarar:	Minste krav 5%:	Tal utførte kontrollar 2011:	Utført kontroll 2011 (i %):	Utført kontroll 2010 (i %):	Utført kontroll 2009 (i %):	Utført kontroll 2011 region (i %):
131	7	3	2,3	3,1	3,1	3,8

2.3 Bemanning

Tal på årsverk (total) frå skatteoppkrevjar sin årsrapport for dei tre siste åra:

Tal årsverk 2011	Tal årsverk 2010	Tal årsverk 2009
1	1	1

¹ For 2011 er rapporteringa endra frå rapportering pr. kommune til interkommunal kontrollordning, der det er aktuelt.



3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2011 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

Rekneskapen for Askvoll kommune viser per 31. desember 2011 ein skatte- og avgiftsinngang² til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 218 160 404 og uteståande restansar³ på kr 4 830 579, av dette krav stilla på vent kr 670. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 23. januar 2012.

4. Resultat av utført kontroll

Basert på utført kontroll meiner skattekontoret følgjande:

- ***Intern kontroll***

Skattekontoret sine kontrollhandlingar har ikkje avdekka vesentleg veikskap i skatteoppkrevjar sin overordna intern kontroll.

- ***Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskap***

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- ***Skatte- og avgiftsinnkrevjinga***

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

² Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

³ Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav


- **Arbeidsgjevarkontrollen**

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og retningslinjer, men vert ikkje utført i tilstrekkeleg omfang då det berre er utført 2,3 % kontrollar mot eit krav på 5%.

5. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2011 ikkje gjeve pålegg eller tilrådingar.

Venleg helsing



Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt Vest



Jan Kåre Strøm
underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet i Askvoll kommune
- Skatteoppkrevjaren i Askvoll kommune
- Riksrevisjonen

Vår dato
2012.02.24

Vår sakshandsamar: Håkon Grepstad

Til (pr post og e-post):	Kopi pr e-post:
Representantskapsmedlemmene i SUM, faste og vara	Representantskapsleiar Gjerland Medlemskommunane KRYSS-revisjonen og SEKOM Dei faste styremedl

Namn representantskapsmedlemmene:

	Namn fast	e-post		Namn personleg vara	e-post
JØLSTER	Ragnhild Sæle	ragnhild.saele@eninvest.net		Audun Høyvik	audhoevv@online.no
JØSTER	Anders Kristian Sægrov	sægrov@hotmail.com		Jan Ove Flaten	loflaten@online.no
NAUSTDAL	Trude Meek	trude.meek@eninvest.net		Arne Kjell Folkestad	arnefolk@sart.no
NAUSTDAL	Anne Britt Øyra	anne-britt.oyra@hotmail.com		Stian Grimseth	sg@gravdal.no
ASKVOLL	Onar Osland	onar.staale.osland@helse-forde.no		Marit Klausen	arne@klausen.no
ASKVOLL	Linda Landøy	linda.landoy@eninvest.net		Oddbjørn Aalen	oddbjorn.aalen@fellesforbundet.no
FJALER	Kjetil Fristad	kjetil_fri@yahoo.no		Kåre Eimind	kaeimind@online.no
FJALER	Ida Ravnøy	idaravnøy@hotmail.com		Anita Nyland Skaar	skanita@start.no
GAULAR	Mathias Råheim	mathias.raheim@gaular.kommune.no		Anita Eide Kvamme	anita.eide.kvamme@gaular.kommune.no
GAULAR	Grim Erik Giljestad	grim.giljestad@felleskjøpet.no		Heidi Vallestad	hei-val@online.no
HYLLESTAD	Svein Reidar Dale	svein-reidar.dale@vassbakk.no		Yvonne Dale	yvonne.loland@havvard.com
HYLLESTAD	Ivar Systad	ivar.systad@eninvest.net		Anne Karin Eiken	ake@skivenes.no
FØRDE	Olve Grotle	olve.grotle@forde.kommune.no		Christina M. Kvamme	ck@xform.no
FØRDE	Iris Loftheim	iris.loftheim@gmail.com		Ove Varlid	ovarlid@online.no
FØRDE	Jan Taule	taule@c2i.net		Sindre Roska	sindre.roska@gmail.com
FØRDE	Terje Gjertsen	tgj@lottstift.no		Gro Indrebø	gro@tfostj.no
FØRDE	Norvall Nøringset	norvall.noringset@forde.kommune.no		Ole Fosse Fardal	ole.fosse.fardal@sv.no

VARSEL OM PLANLAGT REPRESENTANTSKAPSMØTE / ÅRSMØTE I SUNNFJORD MILJØVERK IKS; FREDAG 27. APRIL 2012 kl. 11

Etter kontakt med representantskapsleiar Nils Gjerland (leiar til val i Årsmøtet), vert faste og vara varsla om planlagt representantskapsmøtet fredag 27. april 2012.

Dersom nokon av dei faste representantane veit at de ikkje kan møte 27. april 2012 slik at vara må kallast inn; Gi oss melding straks!

Vi har frå kommunane fått oppgitt e-postadresser til alle representantane, faste og vara. Difor går denne meldinga både pr. post og som e-post til representantskapsmedlemmene

Saklista til representantskapsmøtet vil følgje selskapsavtalens bestemmelsar, jf. Lov om interkommunale selskap:

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bankkonto	Organisasjonsnr.
SUM	Einestølen	57 72 41 50	3760 10 20069	NO 970.921.915 mva
Einestølen	Førde			WEB
6800 Førde				www.sum.sf.no
Interkomm. renovasjon: Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster, Naustdal				
E:\Representantskapsmøte årsmøte 27. april 2012\2012.02.24 varsel om repr.sk.møte 27. april 2012.doc				

§5 Representantskapets mynde - oppgåver

Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet i samsvar med lover, forskrifter og selskapsavtale. I årsmøtet skal representantskapet handsame desse sakene:

- Skriftleg årsmelding frå styret.
- Revidert årsrekneskap frå styret.
- Fullmakter til styret.
- Val av leiar og nestleiar i representantskapet
- Val av styremedlemmer og varamedlemmer til styret
- Val av leiar og nestleiar til styret
- Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjon.
- Fastsetjing av godtgjersle til representantskap og styre.

Dessutan skal representantskapet handsame:

- Styret sitt framlegg til langtidsbudsjet / økonomiplan og budsjett for neste driftsår.
 - Framlegg frå styret om opptak av lån og pantsetjing av selskapet sin eigedom.
 - Endring av selskapsavtalen i samsvar med § 13.
 - Eventuelle andre saker som styret vil ha handsama i representantskapet.
- Det vert elles vist til "Lov om interkommunale selskaper" §9

Sakstilfanget i tilknytning til saklista innteken ovanfor, vert sendt ut før møtet og når styret har førebudd sakene.

Styret er fram til årsmøtet slik samansett:

Kommune	Fast medlem	Personleg vara
Askvoll	Steinsland Aud Kari	Melvær Frida
Førde	Vallestad Turid	Bengtsson Anna Elfrida
Førde	Haugsvær Bjørn-Harald	Hatlem Turid
Hyllestad	Soltveit Amund	Tønning Atle
Gaular	Lunde Henrik, leiar	Horsevik Arild
Fjaler	Hjelle Erling	Østrem Liv
Jølster	Dvergsdal Gerd, nestleiar	Sandal Jakob Andre
Naustdal	Kvame Harald	Grimseth Stian

Som vedlegg til E-post (ikkje pr post) følgjer:

- Gjeldande selskapsavtale; Folketalet er oppdatert pr. 01.01.12 slik avtalen fastset.

«Lov om interkommunale selskaper» finn de på Internett: <http://www.lovdata.no/all/nl-19990129-006.html>

Vedkommande kjønnskvaltering, frå IKS-lova § 10:

§ 10. Styret og styrets sammensetning

Selskapet skal ha et styre på minst tre medlemmer. Dersom de ansatte skal velge styremedlemmer etter åttende eller niende ledd i paragrafen her, skal styret ha minst fem medlemmer. Dersom de ansatte skal velge styremedlemmer etter tiende ledd i paragrafen her, skal styret ha minst syv medlemmer. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende.

Aksjeloven § 20-6:

§ 20-6. Representasjon av begge kjønn i styret i statsaksjeselskaper

(1) I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:

1. Har styret to eller tre medlemmer, skal begge kjønn være representert.
2. Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.
3. Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.
4. Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.
5. Reglene i nr 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer.

Med helsing



Håkon Grepstad, dagleg leiar SUM
Telefon 90544754
E-post: haakon.grepstad@sum.sf.no



Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Askvoll kommune
Rådmannen

6980 ASKVOLL

Kopi:
Prosjektleder Britt Hansen
Konst. Økonomisjef Nina Haugstad
Kontrollutvalet i Askvoll kommune

Dykkar ref.:
Rekneskapssamdrag
311211

Vår ref.:
\\Askvoll\overføring\omstilling\tf2012

Arkivkode:
216

Journalnr.:
012 / 2012

Dokumentdato:
23. februar 2012

REVISJONSUTTALE – RAPPORTERING OMSTILLINGSMIDLAR ASKVOLL KOMMUNE 2011

Særutskrifter av årsrekneskapen for spesifisert rekneskap pr. 31.12.2011 for Askvoll kommune sine prosjektkostnader knytta til omstillingsprosjektet i kommunen, har vore førelagt kommunerevisjonen i Askvoll kommune for gjennomsyn, kontroll og særattestasjon/-uttale.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtala kring slik rapportering. Vårt oppdrag er utført i samsvar med revisjonsstandard «ISRS 4400, Avtala kontrollhandlingar». Revisjonshandlingane er utført for å bistå kommunen og fylkeskommunen i vurderinga av riktigheita av rekneskapen med ei viss sikkerheit for at tilskotsmidlane er nytta i samsvar med prosjektplan og føresetnader for tilskotsmidlane.

Vi vil oppsummere vårt arbeide slik:

Det ligg føre udatert 'Kostnadsoversikt omstillingsarbeidet i Askvoll kommune 2011', som viser spesifiserte sumkostnader slik det er kostnadsfordelt i Askvoll kommune sin offisielle kommunerekneskap. Sum totale bokførte kostnader knytta til omstillingsarbeidet i Askvoll kommune i 2011 vert stadfesta å vere kr. 1.025.936,-. Kostnadsoversikta er avrunda til heile kroner. Oversikta viser også finansiering og budsjett, og det går også fram unytta midlar i 2011 som vert søkt overført til prosjektet i 2012. Vi har gjeve vår påskrift på dette dokumentet i dag, men henvisning til denne uttale.

I brev av 04.02.2011, frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune (referanse sak nr. 10/6151-14, internt l.nr. 3749/11), er Askvoll kommune gjeve eit tilsagn om ei løyving på kr. 800.000,- til omstillingsarbeidet i 2011.

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Vi har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- ⊙ om rekneskapssamandraget er underskrive på vegne av kommunen
- ⊙ om rekneskapen er samanliknbar med søknad og budsjett/kostnadsoverslaget
- ⊙ eit tilfeldig utplukk av utgiftsbilaga mht om:

- ☒ fakturaene er bokført med rett beløp
- ☒ det er utgifter som åpenbart ikkje synest å vedkome prosjektet
- ☒ utgiftene er tilskotsberettiga etter regelverket/tilsagnet
- ☒ det ligg føre betalingsbilag/kontoutskrift som dokumenterer betalinga

Denne type tilskotsformidling er heimla/henta frå Statsbudsjettet kap 551, post 60, og Kommunal og Regionaldepartementet har stilt krav om at alle som får denne type tilskotsmidlar skal utforme ein eigen rapport kring resultat og effekt frå prosjektet. Den endelege verbalrapport er ikkje førelagt kommunerevisjonen, slik at vår uttale omfattar ikkje det som går fram der, men vi har gjennom vårt arbeide og denne særattestasjon frå vår side stadfesta Askvoll kommune sine totalkostnader i omstillingsarbeidet i Askvoll kommune i 2011.

Utover det vi har nemnt i tredje avsnitt ovanfor, har ikkje vi ytterlegare kommentarar til rekneskapsoppstillinga. Vi har gjeve vår påteikning på rekneskapsrapporteringa i dag, 23.02.12, med visning til denne melding. Det er vår oppfatning at kommunen tek rekneskaps-/rapporteringssaka vidare til fylkeskommunen og dei instansar som elles er berørt i saka, slik at kommunen sine uteståande tilskotsmidlar for 2011 i prosjektet kan verte utbetalte.

Vår uttale er utelukkande utarbeida for det føremål som er beskrive i andre avsnitt på side 1 i denne uttale, og skal ikkje brukast til noko anna føremål. Uttalen er kun meint å skulle distribuerast til Sogn og Fjordane Fylkeskommune i samband med rapportering av bruken av tilskotsmidlane knytta til omstillingsarbeidet i Askvoll kommune.

Florø den 23. februar 2012

Med helsing
Fylkeskommunerevisjonen
Våre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Florø


Terje Børde, leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Vedlegg:

Kostnadsoversikt omstillingsarbeidet i Askvoll kommune 2011,
Revisorattestert 23.02.2012.
Tilsagnsbrev frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune, d.04.02.2011

KOSTNADSOVERSIKT omstillingsarbeidet i Askvoll kommune 2011

8630	PLP Kurs	kr	119 374
8650	SMB Utvikling – forstudie * Andel Askvoll	kr	94 094
8660	Strategi – Handlingsplan 2012	kr	70 813
8620	oppstart / driftskostnader 1.1 – 31/3	kr	19 960
8640	Drift omstillingsorganisasjonen	kr	721 695
<u>Totalt</u>			<u>kr 1 025 936</u>

<u>FINANSIERING:</u>	SFfk (72,7%)	AK (25%)	Næring (2,3%)
1 025 936	745 855	256 484	23 597
<u>BUDSJETT:</u>			
1 500 000	<u>1 090 000</u>	<u>375 000</u>	<u>35 000</u>
<u>Ubrukt beløp søkt overført</u>	<u>344 145</u>	<u>118 516</u>	<u>11 403</u>
<u>Totalt kr 474 064,-</u>			

*8650 Prosjekt SMB Utvikling er i samarbeid med Fjaler Næringsutvikling og Omstillingsorganisasjonen i Hyllestad.

Totalkostnad – forstudie :	<u>328 850</u>
Andel Fjaler	44 843
Andel Hyllestad	24 913
Andel Innovasjon Noreg	<u>165 000</u>
Andel Askvoll	<u>94 094</u>

Revidert pr. 31/12 - 2011
Jfr. opprinnsettelse 23/2 - 12
Attestert 23.10.2012


KARI SÆVI
Korrespondent
Vest Sogn og Sunnfjord



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Side 1 av 4

Næringsavdelinga

Saksbehandlar:
Audhild Schaathun
E-post: audhild.schaathun@sff.no
Tlf: 57 65 62 56

Vår ref.
Sak nr.: 10/6151-14
Sjå alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
3749/11

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 04.02.2011

Askvoll kommune

Postboks 174
6988 ASKVOLL

ASKVOLL KOMMUNE	
POSTMOTTAK	
Arkivsak nr.	Jnr nr.
08/112-39	11/1173
08 FEB. 2011	
Arkivkode	000
U.off.	Saksh. SA/SVF
Kopi	

Omstillingsstatus og omstillingsløyving

Vi viser til dykkar søknad om omstillingsløyving datert 15.01.2011, der de søker om kr 835 000 i tilskot frå fylkeskommunen for 2011. Prosjektplanen som ligg til grunn for tilsegnet er datert 14.01.2011.

Hovudutval for plan og næring gjorde i møte den 01.02.2011 i sak nr.7/11 følgjande vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev Askvoll kommune omstillingsstatus for 2011 og 2012. Det vil skje ei ny vurdering ved utgangen av 2011 med utgangspunkt i ei programstatusvurdering.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev Askvoll kommune ei løyving på kr 800 000 til omstillingsarbeidet i 2011
- 3 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev Høyanger kommune ei løyving på kr 1 800 000 til omstillingsarbeidet i 2011
- 4 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev Vågsøy kommune ei løyving på kr 3 250 000 til omstillingsarbeidet i 2011
- 5 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev Hyllestad kommune ei løyving på kr 1 950 000 til omstillingsarbeidet i 2011
- 6 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev Stryn kommune ei løyving på kr 1 200 000 til gjennomføring av det 2-årige prosjektet "stryka næringsarbeid 2011-2012"
- 7 Midlane i punkt 2 – 6 vert henta frå budsjetterte omstillingsmidlar for 2011
- 8 **Vilkår for omstillingsløyvinga:**
 - Det skal leggjast vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta. Innovasjon Norge sin prosjektleiarprosess (PLP- Prosjektlederprosessen) skal nyttast i alle prosjekt
 - All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS-avtalen sine retningslinjer om offentlig støtte til næringslivet
 - Øvrige vilkår går fram av tilsegnsbrevet

Tilsegnet er basert på følgjande budsjett og finansieringsplan:

Budsjett

Organisasjons- og leiarkurs	kr	40 000
Omstillingsorganisasjonen	kr	800 000
PLP-kurs og styreseminar	kr	100 000
Næringsvenleg kommune	kr	200 000
SMB-utvikling	kr	200 000
Utvikle nyetableringar	kr	100 000
Forstudie – mobiltelefon og breiband	kr	60 000
Sum		kr 1 500 000

Finansieringsplan

Sogn og Fjordane fylkeskommune	tilsegn 2011	kr	800 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune			
unytta del tilsegn tidlegare år		kr	290 000
Askvoll kommune		kr	375 000
<u>Næringslivet</u>		kr	35 000
Sum			kr 1 500 000

Støtta frå Sogn og Fjordane fylkeskommune utgjer 72,7 prosent av totalbudsjettet.

Tilskotet vert dekkja med midlar sett av til omstillingsføremål 2011.

Tilskotet vert gjeve på følgjande vilkår:

Endringar er naturlege i utviklingsarbeid. Dersom det vert større endringar i prosjektet må Askvoll kommune søkje Sogn og Fjordane fylkeskommune om å få godkjent endringa i høve tilsegnet.

Spesielle vilkår i HPN-sak 7/11:

- Det vert tilsett prosjektleiar som vert operativ i første halvår 2011
- Næringslivet deltek aktivt i omstillingsarbeidet
- Kommunen er engasjert og får omstillingsarbeidet forankra administrativt og politisk

Tid:

- Arbeidet må ikkje setjast i gang før prosjektet er fullfinansiert.
- Tilsegnet gjeld i tilsegnsåret (og dei to påfølgjande åra).
- Tilsegnet fell bort dersom vi ikkje har motteke oppmoding om første utbetaling innan 01.05.2011.
- Søknad om sluttutbetaling vert å sende snarast muleg etter prosjektslutt, seinast innan 3 mnd etter at prosjektet er avslutta.
- Etter denne dato vil tilskotet verte inndrege.
- I særskilte høve kan prosjektet etter skriftleg søknad til Sogn og Fjordane fylkeskommune få forlenga fristen for utbetaling av tilsegnet.

Profilering:

- I skriftlege og munnlege framstillingar av prosjektet forpliktar tilsegnsmottakar seg til å nemne at prosjektet er delfinansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Sluttrapportering til fylkeskommunen:

- Arbeid må gjennomførast og rapporterast i samsvar med framdriftsplanen.
- Det må lagast ein sjølvstendig projektrapport/sluttrapport som skal sendast Sogn og Fjordane fylkeskommune når prosjektet vert avslutta

Sluttrapportering til Kommunal- og regionaldepartementet:

Til dette tilskotet har fylkeskommunen nytta midlar frå statsbudsjettet kap. 551, post 60.

Kommunal- og regionaldepartementet stiller krav om at alle som får tilskot gjennom denne posten skal rapportere resultat og effekt frå prosjektet. Det er difor eit krav å svare på denne rapporten for å få sluttutbetaling frå fylkeskommunen. Denne rapporten er webbasert, og de finn den på <http://mrs.spine.no>, samt på www.sfi.no under næring.

Delutbetaling:

- Prosjektet kan etter at prosjektet har starta opp og fullfinansiering er dokumentert, søke om delutbetaling av inntil 75% av stønadsbeløpet. Prosjektet må då stadfeste at tilsegnet er motteke på dei vilkåra som er sette. Om det er endringar i finansiering eller anna skal det opplysast om dette, og det skal søkast om å få gjere endringar.

Sluttutbetaling:

- Det skal førast spesifisert rekneskap for projektkostnadane. Rekneskapen skal setjast opp slik at det kan jamførast med budsjettet i søknaden.
- Sluttrekneskapen skal vere attestert av revisor.
- Sluttutbetalinga (minimum 25% av det totale tilskotet) vert utbetalt etter at prosjektet er avslutta, eigen webbasert rapport er sendt til KRD, revisorgodkjend rekneskap for alle kostnadane ligg føre og er sendt Sogn og Fjordane fylkeskommune saman med sluttrapporten. Fylkeskommunen tek då stilling til om tilskotet skal utbetalast.
- I sluttrapporten skal det kome klart fram dei ulike finansieringskjeldene i prosjektet.
- Dersom arbeidet ikkje vert utført i planlagt omfang eller til kalkulert kostnad, vil tilskotet verte tilsvarande avkorta.
- Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast tilbake utan opphald.

Kontroll:

Fylkeskommunen har til ei kvar tid høve til å kontrollere at de held vilkåra for tilskotet. De pliktar å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om. Mottakar er sjølv pliktig til å kontrollere at den utbetalte summen er korrekt.

I medhald av § 10 i løyvingreglementet og § 12 i lov om Riksrevisjonen vert det teke atterhald om høve for Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen til å setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.

Oppmoding om utbetaling må sendast:


Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/ Næringsavdelinga
Fylkeshuset
Askedalen 2
6863 Leikanger

Ved oppmoding om utbetaling skal det opplysast om organisasjons- og postgiro-/bankkontonummer.

Eventuelle spørsmål i tilknytning til dette brevet kan rettast til underteikna.

Med helsing


Jan Heggheim
Fylkesdirektør


Audhild Schaathun
seniorrådgjevar

Mottakar (ar)

Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL

Kopi til:

Innovasjon Norge Sogn og Fjordane
Kristin Arnestad

Førde Terje

Fra: Hansen Britt
Sendt: 22. februar 2012 17:38
Til: Førde Terje
Emne: Ang revisorgodkjend rekneskap - Omstilling i Askvoll
Vedlegg: img-222183141-0001.pdf; KOSTNADSOVERSIKT omstilling 2011.doc; omstillingsløyving 2011.pdf

Hei,

Viser til tlf samtale tidlegare i dag og sender vedlagt oversikt over kostnadane i 2011, scanna
prosejktregnskapsrapportar samt tilsagnsbrev.

Ring om noke er uklårt.

Med vennleg helsing
Britt Hansen

Tlf 577 30707 / 94870010

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Segn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Dato:	23.02.2012	Off:
Sak nr.	011/2012	Regnr:
Arkiv:	216	
Avd.kode:	1428	
Sakshandsamar	T.F.	

Kopi til: Rådmannen
Ordføreren

Askvoll kommune

Kontrollutvalet

v/ kontrollutvalssekretariatet SEKOM-Sekretariat

Postboks 338

6802 FØRDE

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Samarbeidsavtale/Vedtekter

F://engasjementsbrev/tf12

Arkivkode:

216

Journalnr.:

008 / 2012

Dokumentdato:

9. februar 2012

ENGASJEMENTSBREV – ASKVOLL KOMMUNE

1. Innledning

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord, forkorta til **KRYSS Revisjon** er - i samsvar med *Kommunelova* Kap. 12 - revisor for Dykkar kommune. Revisjonssamarbeidet vart etablert hausten 2004, med verknad frå 01.01.2005, der kommunane vedtok eigen samarbeidsavtale og egne vedtekter for det interkommunale revisjonssamarbeidet for 11 kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn. KRYSS Revisjon vert styrt av eit *Arbeidsutval* og ein representantskap, nemnd som *Samstyret*. Kvar av eigarkommunane har 1 politisk vald representant og vararepresentant i Samstyret, der kvar har 1 stemme. Arbeidsutvalet består av 5 medlemmar og 3 varamedlemmer. Kommunane som er med i revisjonssamarbeidet er Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund.

Revisjonen består av forvaltningsrevisjon og regnskapsrevisjon, og omfatter revisjonen av kommunerekneskapen (og tilhøyrande rekneskap for kommunale føretak). Med utgangspunkt i dei revisjonsbestemmelsane som gjeld for kommunar og fylkeskommunar, heri standarder for god kommunal revisjonsskikk, vil vi i dette brevet prøve å beskrive vår forståing av revisjonsoppdraget, slik at Kontrollutvalet får ei oppfatning av rollefordelinga og kva som kan forventast av oss.

Dei økonomiske forholda mellom revisjonen og kommunestyret/kontrollutvalet som oppdragsgjevar er handsama i ein eigen samarbeidsavtale mellom dei 11 deltakar-/eigarkommunane, og elles i samsvar med revisjonssamarbeidet sine vedtekter.

2. Revisjonen – føremål og innhald

Lov om kommuner og fylkeskommunar (*Kommunelova*) har blandt anna følgjande bestemmelsar om revisjonen i § 78, der det heiter :

1. Revisjon av kommunal og fylkeskommunal verksemd skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk.
2. Revisjonsarbeidet skal omfatte reknskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora

Tlf. 57 75 60 97

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Vi vil gjennomføre og rapportere resultatene av vår revisjon i henhold til god kommunal revisjonsskikk, som er ein rettsleg standard. Innhaldet i dette begrepet er normert av kommunelova sine bestemmelsar om revisjon, tilhøyrande forskrifter, og etablerte og anerkjende revisjonsstandarder på området. Som medlem av *Norges Kommunerevisorforbund* (NKRF) er vi underlagt jamnlege eksterne kvalitetskontrollar.

Revisor har plikt til løpande å føreta ei vurdering av eigen uavhengigheit. Oppdragsansvarleg revisor skal kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet. Desse dokumenta får si handsaming i Kontrollutvalet med rapportering til Kommunestyret.

Kommuneleiinga sitt ansvar

I henhold til kommunelova er det kommunen sin administrasjonssjef (rådmannen) som er ansvarleg for at kommunen sin interne, administrative kontroll og økonomiforvaltninga er ordna på ein betryggjande måte, og at forvaltninga elles er gjenstand for betryggjande kontroll. Det er også administrasjonssjefen sitt ansvar å utarbeide og å legge fram kommunen si årsmelding/årsrapport, og å avlegge årsrekneskapen i samsvar med bestemmelsane i kommunelova, forskrift om årsrekneskap og årsberetning i kommuner og fylkeskommuner, bokføringslova og god kommunal rekneskapsskikk.

Kommunen si leiing har også ansvaret for at vi som kommunen sin revisor har ubegrensa tilgang til registrerte opplysningar, dokumentasjon og annan informasjon som vi finn nødvendig for å kunne utføre vårt arbeid, herunder korrespondanse, kontraktar, protokollar, m.v. Dette inkluderer også tilgang til systembeskrivelsar, manualar til programvare og støtteprogram, og nødvendig veiledning.

Kommunestyret og kontrollutvalet sitt ansvar

Kommunestyret er kommunen sitt øverste myndighetsorgan, og har det øverste tilsyn med heile den kommunale forvaltninga. Kommunestyret velger sjølv eit kontrollutval til å førestå det løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på sine vegner. Kontrollutvalet skal påsjå at kommunen og forvaltninga blir forsvarleg revidert. Det er kun Kommunestyret og/eller Kontrollutvalet som kan bestille forvaltningsrevisjonar basert på ein overordna risiko- og vesentlegheitsanalyse.

2.1 Forvaltningsrevisjon

I henhold til forskrift om revisjon, § 7, inneber forvaltningsrevisjon å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader. Herunder om

- a) forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarer med Kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader,
- b) forvaltninga sin ressursbruk og verkemidlar er effektive i forhold til måla som er sett på området,
- c) regelverket etterlevast,
- d) forvaltninga sine styringsverktøy og verkemidlar er hensiktsmessige,
- e) beslutningsgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarer med offentlege utgreiingskrav,
- f) resultatene i tenesteproduksjonen er i tråd med Kommunestyret sine føresetnader, og/eller om resultatene og målsetningane for verksemda er nådd.

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjende standarder på området, og det skal etablerast ulike revisjonskriteriar for det einskilde forvaltningsrevisjonsprosjekt. Rådmannen blir alltid

innvolvert i eitkvart forvaltningsrevisjonsprosjekt; bl.a. gjennom eit oppstartsmøte og dialog og kommunikasjon under vegs i prosjektet si gjennomføringsfase. Rådmannen får alltid uttale seg til førebels rapport, før endeleg rapport blir oversendt Kontrollutvalet.

Innafor forvaltningsrevisjon av kommunar er det NKRF som er det standardsettande organ. Grunnlaget og bakgrunnen for den einskilte forvaltningsrevisjon vil vere beskrive ved rapporteringa av den einskilte revisjon, slik at denne oppgåva ikke blir beskrive ytterlegare i dette brevet. Sjå for øvrig nærmare om rapportering under eige avsnitt nedanfor.

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor i KRYSS Revisjon er Charles Litsheim, med stillingsnemning Revisjonssjef forvaltning. Til dagleg er han stasjonert ved vårt hovudkontor i Førde.

2.2 Rekneskapsrevisjon

Når det gjelder rekneskapsrevisjon vil grunnlaget for vårt arbeid i mindre grad vere omtala ved avrapportering, slik at vi her bruker litt meir plass på å beskrive vårt arbeid og grunnlaget for dette.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor for alle deltakarkommunane er Terje Førde. Han er dagleg leiar og revisjonssjef i KRYSS Revisjon. Han er mykje på reiser/besøk i kommunane og kommunane imellom, men mest å treffe på regionskontoret i Flora og hovudkontoret i Førde, og som regel alltid å treffe på mobiltelefon.

Årsrekneskapen og dei aktuelle delane av årsmeldinga (årsrapporten/årsberetninga)

I rekneskapsrevisjonen er vår hovudoppgåve som revisor for kommunen å vurdere og å avgje ei uavhengig uttale (revisjonsberetning) om korvidt årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter. I tillegg kontrollerer vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa stemmer med regulerte budsjettbeløp.

Vi kontrollerer også om opplysningar i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen. I tillegg kontrollerer vi om den revisjonspliktige si leiing har oppfylt sin plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar.

Vidare er det vår oppgåve å *vurdere* om kommunen har ordna den økonomiske internkontrollen på en betryggande måte og med forsvarleg kontroll.

Årsrekneskapen skal iht. forskriftene sin ordlyd vere avlagt av administrasjonssjefen (rådmannen) innen 15. februar i året etter rekneskapsåret. Årsmeldinga skal avleggast utan ugrunna opphold, og seinast innan 31. mars. Administrasjonssjefen (rådmannen) sitt ansvar omfattar også ansvaret for at registrering, dokumentasjon og oppbevaring av rekneskapsopplysningar er innretta på ein forsvarleg, ordentleg og oversiktleg måte.

Revisjonen si utføring/gjennomføring og forholdet til intern kontroll

God kommunal revisjonsskikk inneber blandt anna at vi kontrollerer utvalde delar av materialet som underbyggjer informasjonen i årsrekneskapen, føretekt analytiske vurderingar og andre revisjonshandlingar som vi etter forholdene finn nødvendige og hensiktsmessige.

På grunn av revisjonen sine ibuande begrensningar, saman med den interne kontrollen sine ibuande begrensningar, vil det alltid vere risiko for at ikkje all vesentleg feilinformasjon i rekneskapen blir avdekka; - sjølv om revisjonen er planlagt og utført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, heri dei *internasjonale revisjonsstandardene* (ISA-ene). Ved vår risiko-

vurdering vurderer vi dei interne kontrollane som er relevante for kommunen eller einingane si utarbeiding av årsrekneskapen med det føremål å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige ut frå omstendigheitene, men ikkje for å gje uttrykk for effektiviteten av eininga sin interne kontroll. Slike revisjonar eller spesifikke gjennomgangar vil eventuelt kunne avtalast nærmare.

Generelt vil ein effektiv intern kontroll (kommunen sitt eige fokus på eigenkontroll) redusere risikoen for at mislegheiter og/eller feil og manglar vil kunne oppstå utan å bli avdekka, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen heilt. Omfanget av vårt revisjonsarbeid vil for ein stor del vere avhengig av kvaliteten på, og effektiviteten av, kommunen sin interne kontroll, samt rekneskaps-, økonomi- og rapporteringsrutiner. Vi vil rapportere skriftleg om eventuelle vesentlege manglar i den interne kontrollen som er relevante for revisjonen av årsrekneskapen, og som vi har identifisert under revisjonsarbeidet. Sjå nærmare om dette under avsnittet *rapportering*, nedanfor.

Registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar

Når vi konkluderer om registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i revisjonsberetninga, vil revisjonen være utført i samsvar med den internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk finansiell informasjon». Denne standarden stiller krav om at vi etterlever etiske krav, planlegg og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå betryggande sikkerheit for at det ikkje er vesentlege formelle manglar knytta til registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar. Slike vurderingar inneber gjennomføring av kontrollhandlingar for å innhente bevis om desse forholda. Dei valde kontrollhandlingane vil vere avhengig av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for vesentlege manglar.

Ved vurderinga av leiinga sine plikter med omsyn til registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar, innhentar revisor informasjon om kommunen sine interne rutiner for å vurdere samsvaret med lov, forskrift og god bokføringsskikk, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.

Revisjonsnotat, revisjonsmerknader, brev og rapportar

Rekneskapsmessige feil og manglar som vi finn det nødvendig å påpeike, vil vi rapportere skriftleg om i eigne revisjonsnotat eller revisjonsmerknader/brev. Desse vert stila til rette vedkomande innafor tenestområdet/eininga, med gjenpart/kopi til administrasjonssjefen/rådmannen. Mindre forhold, førespurnader og påpeikingar, i f.eks. bilagskontrollen og forvaltninga elles prøver, vi å få løyst/retta moglege manglar på lavast mogleg nivå; der vi kommuniserer dette via e-post, telefon, samtaler, møter, osv.

Andre uttaler og kontrollhandlingar

Vår revisjon vil også omfatte dei kontrollhandlingar som er nødvendige for å attestere følgjeskriv til lønns- og trekkoppgåvene og dei terminvise krava etter den kommunale ordninga for momskompensasjon. Vi utfører også kontroll av tilskotsordningar som er gjeve for å finansiere særskilde oppgåver (særattestasjonar), der det er krav eller ønskje om revisor sin særattestasjon. Våre kontrollar blir då utført i tråd med oppdragsgjevar sine anvisningar og aktuell standard for attestasjonsoppdraget. Formalia kring dette går som regel fram av særskilde rundskriv som omtalar tilskotsordningane og tilhøyrande rapporteringskrav for middelbruken.

3. Innsynsrett og taushetsplikt

Revisor kan krevje eikvar opplysning, utgreiing/redegjørelse eller eitkvart dokument hos kommunen og føreta dei undersøkingar som revisor finn nødvendige for å gjennomføre revisjonsoppgåvene.

Både oppdragsansvarleg revisor og revisjonsmedarbeidarane har – med visse lovheimla unntak - teieplikt om alt dei får kjennskap til under utføringa av revisjonsarbeidet. Dette følgjer av kommunelova, § 78, nr 7. Revisor si teieplikt gjelder uavgrensa i tid; også etter at oppdraget er avslutta.

Revisor si teieplikt er likevel ikkje til hinder for at kontrollutvalet eller kommunestyret får den informasjon om resultatene av revisjonen som er nødvendige.

4. Rapportering, kommunikasjon og dialog

Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget blir vanlegvis utarbeidd for kvar valperiode eller oftare dersom det er forhold som tilseier dette. I tillegg blir det utarbeidd *oppstarts*brev i samband med oppstart av det *einskilde forvaltningsrevisjonsprosjekt*, og *årlege* brev i samband med årsoppgjersrevisjonen kring *årsrekneskapen*. Dette blir oversendt administrasjonen. Vi legg opp til ein forholdsvis tett dialog med administrasjonen i årsoppgjeret, der vi gjerne også inviterer til eit oppsummeringsmøte før endeleg revisjonsberetning blir utforma; dersom vi finn dette hensiktsmessig eller nødvendig.

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir utarbeidd ein *overordna analyse* som grunnlag for ein *plan for forvaltningsrevisjon*, og kome med innstilling overfor kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek planen. Forvaltningsrevisjonar rapporterer vi til kontrollutvalet i form av eigne rapportar, som har nemninga *forvaltningsrevisjonsrapport*. Det førekjem også at vi under det løpande revisjonsarbeidet kring finansiell revisjon (rekneskapsrevisjon) kjem over saker og funn som er av ein slik karakter at vi velger å oppsummere dette i mindre revisjonsrapportar. I slike saker følgjer vi gjerne *ikkje* dei standardkrav og kriteriekrav som er stilt i den ordnære revisjonsstandarden for forvaltningsrevisjon. Slike rapportar vil ha nemninga *revisjonsrapport*.

Rekneskapsrevisjonen sitt innhald avhenger av revisjonsstandarder, intern kontroll og revisor sitt skjønn. Kontrollutvalet si oppgåve her er å påsjå at kommunen har ei tilstrekkeleg og tilfredsstillande revisjonsordning. For å sikre at kontrollutvalet får den informasjon om rekneskapsrevisjonen som utvalet føler behov for, vil det i tillegg til revisjonsberetninga blir gjort greie for status i det løpande revisjonsarbeidet i møter gjennom året. Vi ser det også som naturleg at kontrollutvalet blir orientert om revisjonsstrategien og den praktiske revisjonsmetodikken, tidleg i revisjonsåret. Omfang, form og innhald på dette blir avtalt nærmare med kontrollutvalet direkte etter dialog og kommunikasjon i møter.

Revisor har møteplikt når ein vert innkalla. Forøvrig har revisor møterett i kontrollutvalet, formannskapet og kommunestyret. Revisor kan også møte i andre utval dersom revisor finn det nødvendig.

Irregulære forhold og mislegheiter

I hht revisjonstendaradene er revisor pålagd å innhente administrasjonen sine eigenvurderingar kring risikoen for mislegald i kommunen. Det skal innhentast ein årleg uttale på dette.

Iht til forkriftene § 3 skal revisor gjennom sitt revisjonsarbeid bidra til å førebygge og av-dekke irregulære forhold, misligheter og feil. Dersom det blir konstatert irregulære forhold eller mislegheiter ved revisjon av forvaltninga, eller på annan måte, skal revisor straks sende førebels rapport/innberetning til kontrollutvalet.

Når saksforholdet er nærmare klarlagt, skal revisor sende endeleg rapport/innberetning til kontrollutvalet. Revisor skal sende kopi av rapporten/innberetninga til administrasjonssjefen (rådmannen).

Nummererte brev

Vi kan gjennom arbeidet med rekneskapsrevisjonen finne forhold som ikkje blir påpeika i revisjonsberetninga, men som vi finn det nødvendig å påpeike i *nummerert brev*. Dette kan vere einskildsaker av meir alvorleg karakter. Slike nummererte brev vil bli sendt til kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen/rådmannen. Kontrollutvalet har eit ansvar for å påsjå at forhold som er påpeika av revisor blir følgt opp.

I henhold til revisjonsforskrifta § 4, 2 skal revisor påpeike følgjande forhold i *nummererte brev*:

1. Manglar ved plikta til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar.
2. Feil og manglar ved organiseringa av den økonomiske internkontrollen.
3. Mislegheiter.
4. Feil som kan medføre feilinformasjon i årsrekneskapen.
5. Manglande utgreiing/redegjørelse for vesentlege avvik mellom beløpa i den revisjonspliktige sitt årsrekneskap og regulert budsjett slik det fremstår etter gyldige vedtak/endingar fatta på riktig beslutningsnivå.
6. Begrunnelse for manglande underskrift ved bekreftelsar overfor offentlege myndigheiter som blir gjeve i medhold av lov eller forskrift.
7. Begrunnelse for å seie ifrå seg oppdrag etter § 16.

Brev med påpeiking av mindre vesentlege feil eller manglar vil bli sendt direkte til administrasjonen. I kva grad kommunen sitt kontrollutval skal ha kopi av slike brev, blir avtala særskild med kontrollutvalet. Av omsyn til kontrollutvalet si heilheitlege oversikt vil dette etter revisjonen si oppfatning vere ein naturleg del av den løpande dialogen og kommunikasjonen mellom revisor og kommunen sitt kontrollutval.

Uttaler frå kommunen si leiing

I samband med årsavslutninga vil vi i samsvar med god kommunal revisjonsskikk innhente ei skriftleg uttale frå leiinga om fullstendigheita og riktigheita av dei opplysningar som blir gjeve i årsrekneskapen. På same måte er vi pålagd å innhente skriftlege uttale frå leiinga om rådmannen sin kjennskap til eller mistanke om mislegheiter, mv., i kommuneorganisasjonen. Desse uttaler vil bli innhenta av oss frå administrasjonen, og kontrollutvalet blir orientert om vårt brev og svarbrevet som revisor mottek frå administrasjonen (rådmannen).

5. Andre tenester

Vår organisasjon har medarbeidarar med betydeleg kompetanse og praksis innafor mange fagområder. Dette gjer oss i stand til å yte kompetent veiledning til Dykkar kommune, og som medlem av NKRF kan vi også trekke på kompetansen i eit stort fagmiljø. Vi bistår gjerne med veiledning innafor intern kontroll, meirverdiavgift, rekneskapsføring, budsjett, lov og forskrifter, osv.; - så langt det let seg gjere innafor våre oppgåver som kommunen sin revisor.

Vi stiller gjerne opp med fagdagar og dagsseminar innafor ulike tema, der vi har gode erfaringar med foredrag i einskildkommunen, eller å samle alle våre eigarkommunar på felles dagskurs, etc. Vi er non-profit-basert og budsjettkopla, så alle slike vil vere til sjølvkost. Pga. vår organisering er alle våre tenester overfor eigarkommunane og deira verksemder avgiftsfrie.

Vi håper innholdet i dette brevet samsvarer med kontrollutvalet si forståing av revisor sine roller og ansvarsområde, og vi ser fram til eit fortsatt godt og konstruktivt samarbeid kring våre revisjons- og rådgjevingstenester til beste for kommunen. Dersom noko er uklart eller utvalet har spørsmålsstillingar, håper vi De tek kontakt.

Førde den 9. februar 2012

Med helsing

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Oppdragsansvarleg revisor finansiell revisjon

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Charles Litsheim
Charles Litsheim
Revisjonssjef forvaltning
Oppdragsansvarleg revisor

Askvoll kommune
v/Rådmannen
6980 Askvoll

Dykkar ref.:

Vår ref.:
\\årsavslutning2011/tv11

Arkivkode:
216

Journalnr.:
01 / 2012

Dokumentdato:
5. januar 2012

AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR ÅR 2011

Vi nærmar oss raskt fristen for rekneskapsavlegginga for 2011, 15. februar 2012, og i den samanheng vil revisjonen allereie no minne om at *kommunen* skal avlegge årsrekneskapen for år 2011 til *kommunerevisjonen* innan den frist som er sett i forskriftene § 10; dvs. innan den 15.02.12.

Vi ber om at årsrekneskapen vert *oversendt* KRYSS Revisjon så snart den ligg føre. Samband med oversending av den ferdigstilte årsrekneskapen ønskjer vi å inn-hente eigen uttale frå kommuneleiinga. Vi ber såleis om at det vert utferdiga ei eigen *fullstendighets-erklæring* der det vert bekrefta at rekneskapen er *endeleg* avlagt, at den er *fullstendig og avstemt*, og at den *ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar*. I erklæringa til årsrekneskapen er det viktig at det blir gjeve opplysningar om andre vesentlege forhold som revisor bør ha med seg inn i det avsluttande revisjonsarbeidet for året. Vi legg ved ein eksempelml på ei slik erklæring (vedlegg 1).

Revisjonen vil legge *mottaksdato* til grunn for eigen frist for oversending av revidert årsrekneskap til *Kontrollutvalet*, og vidare handsaming til *formannskapet og kommunestyret*.

Etter økonomibestemmelsane er periodiseringsfristen **31.12**. Vi minner her om at det er *anordnings-prinsippet* som skal vere gjeldande, og i den samanheng viser vi også til at *bokføringslova* sine bestemmelsar no også eg gjeldande for kommunerekneskapen. Som ei hjelp i arbeidet med å etterleve *dokumentasjonskrava* i bokføringslova, og dei kommunale økonomibestemmelsar forøvrig, har vi laga til eit samandrag kring dette, og dette legg vi ved som vedlegg (vedlegg 2) til dette skriv.

Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding/årsrapport (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftene sin frist for levering av årsmeldinga/årsrapporten er **31. mars 2012**.

Revisor skal stile revisjonsberetninga si til kommunestyret/bystyret v/ordføraren. Kopi går til *Kontrollutvalet* som skal handsame årsrekneskapen og revisjonsberetninga og skal kome med *uttale, og/eller eventuelle desisjonsforslag*, til årsrekneskapen til kommunestyret/bystyret *før* formannskapet gjev si *innstilling* i rekneskapssaka.

Forskriftene stiller krav om at *formannskapet si innstilling* overfor kommunestyret må innehalde *framlegg til bruk av overskot eller dekningsmåte for inndecking av underskot*. Innstillinga bør også innehalde korleis meirforbruk i kapitaldelen (investeringsrekneskapen) skal finansierast/budsjettmessig inndekkast.

Årsrekneskapen skal vere datert og underteikna av *rekneskapsansvarleg* og *administrasjonssjefen* (rådmannen), og *oppdragsansvarleg revisor* skal ved si påskrift referere til dato for tilhøyrande revisjonsmelding/-beretning.

Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskap, som ein i samråd med revisor velger å få retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato og nye underskrifter. Det må vere eit mål å ha minst mogleg med variantar av ein avlagd rekneskap, derfor bør det tilstrebast å ha ein mest mogleg korrekt, riktig og fullstendig rekneskap, med korrekte oversikter og rekneskapsutgreiingar når årsrekneskapen blir oversendt revisor.

Frå 2010 kom det endringar i revisjonsstandardene som gjer at revisor utformer ei revisjonsberetning til årsrekneskapen etter ein ny norm i forhold til tidlegare. Dette er økonomisjefane/rekneskapssjefane kjende med frå kurs; jfr. bl.a. økonominettverkssamlingane i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet no er forplikta til å skrive *negativ revisjonsberetning* pr. 15.04.12, dersom rekneskap og årsmelding/årsrapport ikkje ligg føre innan forskriftsfristane. Vi ber derfor om at kommunen tilstreber å halde fristen for rekneskapsavlegginga og fristen for årsmeldinga

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2011, og vonar administrasjonen legg opp rutiner som sikrar at økonomibestemmelsane, og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2011.

Florø den 5. januar 2012

Med helsing

Terje Førde
Revisjonssjef
(sign.)

 **KRYSS REVISJON**
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE BØGN OG SUNNFJORD
Trine Wokuhl
Kommunerevisor I

Vedlegg:

Eksempel på *fullstendighetserklæring* til årsrekneskapen for 2011
Revisjonsnotat 05.01.12: 'Dokumentasjonskrav i bokføringslova'

Kopi til: Ordfører
Økonomi
v/Julie Gjervik og Nina Haugstad
Kontrollutvalet

Askvoll kommune
Rådmannen
6980 ASKVOLL

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Overordna analyse 2012/tf

Arkivkode:

216

Journalnr.:

003 / 2012

Dokumentdato:

7. februar 2012

TINGING FRÅ KONTROLLUTVALET I ASKVOLL; - OVERORDNA ANALYSE – ASKVOLL KOMMUNE 2012

Kontrollutvalet har gjort vedtak om å få utarbeidd ei oppdatert 'overordna analyse' over Askvoll kommune, som skal brukast som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon. Dette oppdraget er lagt til kommunerevisjonen å utføre, med ferdigstilling våren 2012.

Vi legg til grunn det analysedokument som vart utarbeidd av oss i 2008; som var ei rullering av den først etablerte *overordna analyse* av Askvoll kommune i 2005.

Det er ingen fasit på korleis eit slikt dokument skal sjå ut, og heller ikkje nokon forskriftskrav kring kva form, innhald og omfang eit slikt dokument skal ha. Det er likevel slik at dokumentet skal ha i seg risiko- og vesentlegheitsvurderingar og/eller ei resultat- og sårbarheitsanalyse av kommuneforvaltninga. Den overordna analysa skal hjelpe kommunen sitt kontrollutval til å identifisere behov for forvaltningsrevisjon på ulike områder, sektorar eller tenestekområder, der det er fare for feil eller manglar, avvik eller svakheiter i forvaltninga i høve lover, forskrifter, interne styringsdokument, etterlevinga av kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader.

Vi har overfor kontrollutvalet gjort kjent at vi ønskjer rådmannen sin medverknad til framskaffing av nødvendig dokumentasjon for vårt arbeid, samt innspel på konkrete saksfelt/-områder som kan vere av ein viss nytteverdi for kommunen å sjå nærmare på.

I analysedokumentet ser vi det som naturleg at vi seier noko om både den administrative og den politiske organisering av kommunen. Vi treng derfor

- ↳ eit oppdatert organisasjonskart for den administrative strukturen
- ↳ ei oversikt over dei politiske styrings-/beslutningsorgana

Vi tør også be om at rådmannen lister opp dei mest sentrale styringsdokumenta (eksempelvis delegasjonsreglement, økonomi-/finansreglement, innkjøp, m.v.), og korleis oppgave- og ansvarsfordelingane er i kommuneforvaltninga. Dersom det finst ei skjematisk oversikt, på tenestenivå/-områdene, med ansvar, område, antal tilsette, etc., så ønskjer vi også det.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora

Tlf. 57 75 60 97

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Når det gjeld programvarer, støtteprogram og bruk av IKT-system i kommunen, så bør vi ha ei skjematisk oversikt over kva som finst i kommunen idag, med opplysningar om kva desse er brukt til (funksjonsområda) og korleis den enkelte programvare evt. er integrert i økonomi- og tenstefunksjonane i forvaltninga.

Når det gjeld budsjett- og rekneskap, og heri årsmelding, KOSTRA-materialet, m.v., så vil vi nytte økonomi- og tenstedata frå siste års rekneskap og inneverande års årsbudsjett. Vi vil også sjå litt på økonomi- og handlingsplanen, samt dei føringar som ligg i politiske vedtak kring desse dokumenta.

Det ville også vere fint om rådmannen kunne seie noko av rapportering og avvikshandtering i si tilbakemelding til oss; både for det som gjeld driftsdelen og det som gjeld investeringar. Vi ønskjer også nokre kommentarar frå rådmannen på utfordringane kommunen står overfor ved innføringa av samhandlingsreforma, samt andre utfordringar kommunen står overfor i 2012.

Ettersom analysedokumentet også skal ha i seg opplysningar om kommunen sine eigarskap med tanke på eigarskapskontroll og selskapskontroll, tør vi be om ei fullstendig oversikt over dei selskap kommunen er medeigar, deltakar eller heileigar i. Dersom kommunen har utarbeidd eit eige strategidokument for kommunen sine eigarskap i ulike verksemdar/selskap, tør vi be om å få oversendt dette.

Vi utfordrar også gjerne rådmannen på om han kan kome med innspel på moglege kontrollområder som det etter hans syn vil vere fordelaktig å sjå nærmare på gjennom val av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Etter vår oppfatning bør forvaltningsrevisjonsressursar nyttsat på områder der kommunen i ei viss grad vil ha nytteverdi; - i form av fokus på ei kvalitetsheving, effektivisering, produktivitet, betra måloppnåing og god økonomisk styring.


Det er vår målsetting å få fram vesentlege forhold kring Askvoll kommune sine forvaltningsapparat, der risikoaspekta på eit meir overordna nivå vert belyst, slik at kontrollutvalet og kommunestyret får eit best mogleg beslutningsgrunnlag for kva som bør/skal prioriterast å sjå nærmare på i ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll/eigarskapskontroll.

Vi ser fram til ein god dialog og kommunikasjon med kommuneleiinga kring dette arbeidet. Har De spørsmål til ovannemnde, håper vi De vil ta kontakt.

Av omsyn arbeidet kring det føretåande årsoppgjeret for 2011, har vi valgt å ikkje setje ein fast tilbakerapporteringsfrist på dette, men vi tør ber om at De prøver å gje oss ei tilbakemelding så raskt som mogleg, slik at vi kan få framdrift i vårt arbeid i saka. Vi er også åpne for å ha eit møte kring dette, om det er ønskjeleg frå rådmannen si side.

Florø den 7. februar 2012

Med helsing



Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kopi: Kontrollutvalet ✓
Ordføraren

Dagleg leiar/
Revisjonssjef:

Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no

Bank:
Org. nr.:

postmottak@kryssrevisjon.no
3705.08.27845
987 608 064 MVA

Kopi: Ordføreren
Økonomisjefen
Kontrollutvalet

Askvoll kommune
v/Rådmannen

6980 ASKVOLL

Dykkar ref.:
Samarbeidsavtale

Vår ref.:
\tilbakehonorar2010/tf11

Arkivkode:
210&14

Journalnr.:
115 / 2011

Dokumentdato:
24. november 2011

ATTENDEBETALING AVREKNA REVISJONSHONORAR 2010

Det vert vist til tidlegare oversendt årsrekneskap og årsrapport for KRYSS Revisjon si drift for 2010. Vi viser også til samarbeidsavtalen og gjeldande vedtekter for vårt virke.

Samstyret har gjort vedtak om at eit samla beløp på kr. 323.755,20 skal attendebetalast til eigar-/deltakarkommunane. Dette er i tråd med *note 13* vedlagt vår årsrekneskap for 2010. Våre tenester overfor eigarane er under politisk styring og kontroll, og skjer 'non-profit-basert' og er årleg budsjettkopla, og overskott vert meddette attendebetalt til eigarkommunane.

For Askvoll kommune sin del utgjer tilgodebeløpet **kr. 23.611,78.**

Beløpet vert attendebetalt til Askvoll kommune ved overføring av beløpet til Dykkar konto; bankkonto nr. 3740.05.01034.

Er det spørsmål til ovannemnde må De gjerne tak kontakt med underteikna.

Vi takkar for samarbeidet som har vore og håper De er tilfreds med våre tenester. Vis er fram til eit fortsatt konstruktivt og godt samarbeid kring våre revisjons- og rådgjevingstenester overfor Dykkar verksemd.

Førde den 24. november 2011
for KRYSS Revisjon
Trygve Jacobsen,
Styreleiar
(sign.)



KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

003/12 ORIENTERING – TEKNISK SEKTOR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 02.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.03.2012	03/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Bev frå kontrollutvalet til Askvoll kommune om orientering om teknisk sektor, datert 21.11.11.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 020/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak.
- Kontrollutvalsak 028/11 Orientering – Teknisk sektor.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå administrasjonen om teknisk sektor vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING – TEKNISK SEKTOR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Administrasjonen orienterer om teknisk sektor.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 20/09 "Kontrollutvalsarbeid – tiltak" 10.12.2009 vart det bl.a. gjort vedtak om å innføre ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike etatane i kommunen.

I kontrollutvalssak 28/11 "Orientering – teknisk sektor" 18.11.11 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak: "*Rådmannen vert kalla inn til møte i kontrollutvalet for å orientere om teknisk sektor.*"

Administrasjonssjefen i Askvoll kommune er pr. brev 21.11.11 varsla om at ein vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet, og at ein førebur ei kort orientering om oppvekstsektoren der aktuelle tema til dømes kan vere etaten sine oppgåver, regelverk og retningslinjer etaten skal følgje, vedtak ein må etterleve, resultat i høve til mål for etaten og særskilte utfordringar etaten står overfor internt og eksternt.

Administrasjonssjefen vert kalla inn til møte på ordinær måte for å orientere.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Askvoll kommune
Postboks 174
6988 ASKVOLL

Førde, 21.11.11

Dykkar ref.: Vår ref.: At Jnr.: 465/11 Arkiv: Askvoll

ORIENTERING - TEKNISK SEKTOR


Kontrollutvalet i Askvoll heldt møte 18.11.11. Under møtet, sak 028/11 "Orientering om teknisk sektor" gjorde kontrollutvalet vedtak om å kalle rådmannen inn til møte i kontrollutvalet for å orientere om teknisk sektor.

I samband med neste møte i kontrollutvalet, ber kontrollutvalet om at rådmannen førebur ei orientering (45 – 60 min.) om teknisk sektor der aktuelle tema til dømes kan vere eininga sine oppgåver, regelverk og retningslinjer eininga skal følgje, vedtak ein må etterleve, resultat i høve til mål for eininga og særskilte utfordringar eininga står overfor internt og eksternt.

Neste møte i kontrollutvalet i Askvoll er enno ikkje tidfesta. Møtet vil truleg bli sett opp i januar 2012.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571
6802 FØRDE			976 15 363 At			
			57 82 02 00 Vø			
			951 39 762 Vø			

**004/12 KLAGESAK – VURDERING LOVLEGHEIT AV KOMMUNESTYREVEDTAK SAK
15/11 FORSKRIFT FOR VASS- OG AVLAUPSGBYR**

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 02.03.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.03.2012	004/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå Friplan om Klage på vass- og avlaupsgebyr for 2011 og forskrift for desse, datert 12.11.2012.
- Kopi av brev frå Friplan til Askvoll kommune om Klage på vass- og avlaupsgebyr for 2011 og forskrift for desse, datert 12.11.2011.
- Brev frå Sekom sekretariat til Friplan med stadfesting om at brev er motteke, datert 21.11.2011.

Ikkje vedlagde dokument

- Kommunestyrevedtak 15/11 Forskrift for vass- og avlaupsgebyr.
- Forskrift om vass- og avlaupsgebyr.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

**KLAGESAK – VURDERING LOVLEGHEIT AV KOMMUNESTYREVEDTAK SAK 15/11
FORSKRIFT FOR VASS- OG AVLAUPSGEBYR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Vurdering kring vidare handtering frå kontrollutvalet si side av sak frå Friplan om å ta opp til nærare vurdering lovlegheita av kommunestyrevedtak sak 15-11 Forskrift om vass- og avlaupsgebyr, datert 12.05.11.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har 12.11.2011 motteke brev frå Friplan, 6980 Askvoll med overskrift "Klage på vass- og avlaupsgebyr for 2011 og forskrift for desse.." I brevet ber Friplan om at kontrollutvalet tek opp til nærare vurdering lovlegheita av kommunestyrevedtak sak 15/11 datert 12.05.2011. Vedlagt brevet frå Friplan følgjer brev frå Friplan til Askvoll kommune der Friplan har lagt fram klage på vass- og avlaupsgebyr for 2011 og forskrift for desse.

Det vert vist til breva for informasjon om kva grunnlag klagen til Friplan er framstilt på.

Kontrollutvalet må vurdere korleis dei vil handtere oppmodinga frå Friplan.

Kontrollutvalet sitt ansvar er heimla i §§ 77 i kommunelova og nærmare presisert i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. I merknadane til §4 i forskriftene 1. avsnitt går det fram at kontrollutvalet i prinsippet kan ta opp eit kvart tilhøve ved verksemda i kommunen så lengje det kan definerast som kontroll eller tilsyn. I merknadane til same paragraf, 8. avsnitt, går det fram at kontrollutvalet ikkje har plikt til å handsame andre enn dei saker som det får seg førelagt frå kommunestyret, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Når det gjeld førespurnader frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, så må kontrollutvalet sjølv vurdere om saka høyrer inn under utvalet sitt kompetanseområde, og om det vil prioritere saka.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet vurderer det slik at dette er ei sak som ligg under utvalet sitt mynde. Dette, basert på at ein går inn og ser på administrasjonen si handsaming og vurderer om lover og reglar er følgde.

Kontrollutvalet skal ikkje fungere som eit klageutval. Ei vidare undersøking frå kontrollutvalet si side bør derfor etter vår vurdering evt. vere på generelt grunnlag.

I og med at førespurnaden ikkje kjem frå kommunestyret eller det går klart fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar at det ligg til kontrollutvalet å handtere saka, kan kontrollutvalet velje om dei vil prioritere å sjå på saka.

Vår konklusjon er at kontrollutvalet bør vurdere følgjande to alternativ:

1. Sjå på saka på generelt grunnlag.
2. Avstå frå å sjå nærare på saka.

Partane vil bli orienterte om kontrollutvalet si handtering av saka.

Askvoll Sentrum
6980 Askvoll

Org.nr. 983 506 763
Tlf. 97 42 19 90

Askvoll kommune
Kontrollutvalet
v/ Jorunn Ringstad
Postboks 174
6988 ASKVOLL

SEKOM-sekretariat	
15 NOV. 2011	
J.nr.	463/11
Saksh. A t	Arkiv Askvoll
U.off. etter	

Dykkar ref:

Vår ref: Reidar Fristad

Dato: 12.11.2011

Sak: **Klage på vass- og avlaupsgebyr for 2011 og forskrift for desse.**

Vedlag følger kopi av klage på vass- og avlaupsgebyr.

Ber om at kontrollutvalet tek opp til nærare vurdering lovlegheita av kommunestyrevedtak sak 15/11 datert 12.05.2011.

Med venleg helsing


Reidar Fristad

Askvoll Sentrum
6980 Askvoll

Org.nr. 983 506 763
Tlf. 97 42 19 90

Askvoll kommune
v/ Rådmannen
Postboks 174
6988 ASKVOLL

Dykkar ref:

Vår ref: Reidar Fristad

Dato: 12.11.2011

Sak: Klage på vass- og avlaupsgebyr for 2011 og forskrift for desse.

Friplan framset med dette klage på følgjande forhold:

- 1. Klage på iverksetjing og tilbakeverkande kraft.**
- 2. Klage på fastsetjing av tal abonnement.**
- 3. Klage på storleik på gebyr og fordeling mellom fast og variabel del.**

Generell bakgrunn.

Friplan mottok 18.08.2011 faktura nr. 41105113 frå Askvoll kommune for mellom anna vass- og avløpsgebyr for 1. halvår 2011.

Fakturaen inneheldt ei oversikt som viste at det var lagt til grunn at gnr. 22 bnr. 54 skulle betale gebyr for fire abonnement. For 2010 og tidlegare år har gnr. 22 bnr. 54 betalt for eit abonnement, i samsvar med gjeldande forskrift.

Underteikna tok umiddelbart etter mottak av faktura telefonkontakt med teknisk sjef for å få klårlagt årsaka til endringa, og vart orientert om at dei nye forskriftene for vass- og avlaupsgebyr var lagt ut på kommunen sine internettsider. Det vart vidare diskutert kring definisjon på "bueining" og ordlyden "separat inngang" og "separat utgang" som det er vist til i forskrifta.

Underteikna opplyste at gnr. 22 bnr. 54 ikkje har separat inngang/utgang for husværa, men fellessinngang/utgang for heile bygget. Teknisk sjef sa i samtalen at han måtte ta ordlyden opp med "konsulenten" for å avklare eventuelle mistydingar.

Så langt underteikna har klart å undersøkje er "konsulenten" truleg enkeltmannsføretaket "Sivilingeniør Tobias Dahle" med organisasjonsnr. 980687953, som òg har utarbeid forskrifta for Askvoll kommune.

Den 24.10.2011 tok teknisk sjef telefonkontakt med underteikna og informerte om at "konsulenten" hadde stadfesta at forskrifta var dekkande for "slike" bygg, og at kravet i fakturaen såleis var korrekt.

Dette viser at ordlyden i forskrifta er uklår og mistydande, og gjev rom for tolkingar som ikkje er eintydige, sjølv for teknisk sjef som sakshandsamar.

1. Klage på iverksetjing og tilbakeverkande kraft.

Klagegrunnlag:

Askvoll kommune har ikkje varsla auken frå eit til fire abonnement i forkant av abonnementsperioden, men først sendt ut faktura i ettertid med tilbakeverkande kraft for 9 månader. Kommunen har såleis ikkje gjeve oss høve til å kunne endre dei forhold som kunne ha påverka storleiken på fakturaen, før etter at kostnadane var påløyst. Dette er ein svært uheldig praksis då vara som kommunen har levert, og krev auka gebyr for i ettertid, ikkje kan returnerast!

Vi meiner at etter forvaltningslova Kapittel XII § 39 skulle kommunen ha varsla oss skriftleg om endringa i forskrifta, då konsekvensane er av vesentleg økonomisk storleik.

Gjeldande forskrift.

Så langt vi har klart å avdekke er ikkje den nye forskrifta kunngjort i samsvar med krav i Forvaltningslova Kapittel XII § 38 ledd c, om kunngjering i Norsk Lovtidend, og følgeleg er forskrifta **"FOR 1997-06-20 nr 732: Forskrift for vass- og avløpsgebyr, Askvoll kommune"** framleis gjeldande.

Krav.

Den nye forskrifta for vass- og avlaupsgebyr vedtatt i kommunestyret 12.05.2011 sak K15/11, kan ikkje nyttast som grunnlag for innkrevjing av gebyr før forskrifta er gjort gjeldande, jf. forvaltningslova kapittel XII § 39.

Den nye forskrifta kan ikkje gjevast tilbakeverkande kraft, jfr. Grunnlova § 97.

2. Klage på fastsetjing av tal abonnement.

Klagegrunnlag:

Askvoll kommune har auka tal abonnement tilknytt gnr. 22 bnr. 54 frå eit til fire. Auken er i følge kommunen gjort med bakgrunn i nye "Forskrift for vass- og avlaupsgebyr", som vart vedteke i Askvoll kommunestyre den 12.05. 2011 sak: 15/11, med tilbakeverkande kraft frå 01.01.2011.

Gnr. 22 bnr. 54 er ein næringseigedom med oppført næringsbygg som Friplan har leigeinntekter av, og som blir inntektsførte og skatta som næringsinntekter.

Eigedommen er òg registrert i GAB-registeret som næringseigedom.

Tal abonnent og einingar er definert i forskrifta § 2.1 og 2.2. For å kunne definerast som bueining er det mellom anna set krav om separat inngang (og utgang).

Gnr. 22 bnr. 54 har fellesinngang/-utgang og er etter desse paragrafane ei næringseining utan sjølvstendige bueiningar.

Gnr. 22 bnr. 54 er ikkje seksjonert og kjem såleis heller ikkje innanfor definisjonen om eigne abonnement for seksjonert einingar.

Vassmålar.

Kommunen har i forskrifta pålagt at det skal installerast vassmålar for kvar abonnent.

Vi finn det urimeleg å gjennomføre eit slikt pålegg då kommunen får dekkja forbruksgebyr gjennom allereie installert fellesmålar for heile bygget.

Forskrifta manglar tydingar kring dette forholdet.

Krav.

Tal abonnement for gnr. 22 bnr 54 vert redusert frå fire til eit.

3. Klage på storleik på gebyr og fordeling mellom fast gebyr og forbruksgebyr.

Klagegrunnlag:

Askvoll kommune har i samband med utarbeiding av ny forskrift ikkje lagt fram overslag over kostnader knytt til drifts-, vedlikehalds- og kapitalkostnader for dei næraste tre til fem åra slik sentral forskrift krev.

Jf. Forskrift om begrensning av forurensing, Kapittel 16. Kommunale vann og avløpsgebyrer. § 16-1. Rammen for gebyrene, andre avsnitt:

Kommunen fastsetter i forskrift regler for beregning og innkreving av vann- og avløpsgebyrene, samt gebyrenes størrelse, innenfor rammene av denne forskriften. Før kommunen gjør vedtak om gebyrenes størrelse, skal det foreligge et overslag over kommunens antatte direkte og indirekte kostnader knyttet til drifts-, vedlikeholds- og kapitalkostnader på henholdsvis vann- og avløpssektoren for de nærmeste tre til fem årene. Overslaget skal så vidt mulig utarbeides i sammenheng med kommunens rullerende økonomiplan. Det skal også foreligge et overslag over hvilke beløp gebyrene antas å innbringe.

Kommunen har vedtatt ei fordeling mellom fast gebyr og forbruksgebyr på høvesvis 70 % og 30 %, tilsynelatande basert på dagens utgifter kommunen har hatt innanfor tjenesteområdet. Fordelingsnøkkelen 70/30 er etter vår vurdering "tatt ut av lufta" utan at det føreligg grunnlag for fastsetjing av denne. Tvert imot er det i utgreiinga synsa rundt korleis dette vil påverke "inntektene" til kommunen.

I utgangspunktet skal fastdelen gjenspegle kommunen sine investerings- og kapitalkostnader medan forbruksdelen skal gjenspegle kommunen sine drifts- og vedlikehaldskostnader. Dette er ikkje lagt til grunn for vedtaket.

Krav:

Før storleiken på gebyra kan fastsetjast må kommunen legge fram eit realistisk overslag i samsvar med nemnde sentrale forskrift.

Fordeling mellom fast gebyr og forbruksgebyr må gjenspegle forventta reelle kostnader fordelt etter investerings- og kapitalkostnader og drifts- og vedlikehaldskostnader.

Søknad om dispensasjon.


Med mindre klage 1, 2 eller 3 blir tatt til følgje søkjer vi med dette om dispensasjon frå "Forskrift om vass- og avlaupsgebyr" §2.1 Abonnent og §2.1 Eining.

Bakgrunn.

Gnr. 22 bnr. 54, Eika Næringsbygg, har ein forbruksprofil tilsvarande ein vanleg einebustad, med eit forbruk på 209 m³ i 2010. Forbruket er så lite at det fell urimeleg ut å betale for fire abonnement når forventta forbrukskostnader for 2011 truleg vil utgjere mindre en 14 % av gebyret.

Med bakgrunn i forbruksprofil og urimelig høg fastdel søkjer vi med dette om dispensasjon frå "Forskrift om vass- og avlaupsgebyr" § 2.1 Abonnent, der tal abonnement blir redusert frå fire til eit for gnr. 22 bnr. 54.

Med venleg helsing


Reidar Fristad

Kopi: Leiar av kontrollutvalet Jorunn Ringstad

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gløppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Friplan
Askvoll sentrum
6980 ASKVOLL

Førde, 21.11.2011

Dykkar ref.: Vår ref.: At Jnr.: 464/11 Arkiv: Askvoll

VASS- OG AVLAUPSGEBYR FOR 2011 – ASKVOLL KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar brev datert 12.11.11 om klage på vass- og avlaupsgebyr for 2011 og forskrift for desse. I brevet ber de om at kontrollutvalet tek opp til nærare vurdering lovlegheita av kommunestyrevedtak sak 15/11 datert 12.05.2011. Brevet vil bli presentert for kontrollutvalet i Askvoll i neste møte. Dette vil finne stad i januar/februar 2012.

For kontrollutvalet


Asgeir Tveit
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

005/12 INVESTERINGSPROSJEKT – REKNESKAPAR OG SLUTTRAPPORTAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 02.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.03.2012	005/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Revisjonsuttale – Sluttrekneskapar og sluttrapportar i Askvoll 4 avslutta/slutførte og ferdigstilte prosjektrekneskapar 2006/2010, datert 22.02.12.
- Sluttrapport prosjekt 155 Branndepot Kvammen.
- Sluttrapport prosjekt 165 Veglys PCB.
- Sluttrapport prosjekt 183 Branngarasje Værlandet.
- Sluttrapport prosjekt 195 Brannvern – Ny pumpe.
- Brev frå Askvoll kommune til KRYSS revisjon om prosjektrekneskapar – periode 2006 – 2010, datert 19.10.2011.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Økonomireglement for Askvoll kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen for prosjekt 155 Branndepoti Kvammen vert godkjent slik han ligg føre.
2. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen for prosjekt 165 Veglys PVB vert godkjent slik han ligg føre.
3. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at prosjekt 183 Branngarasje Værlandet vert godkjent slik han ligg føre.
4. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at prosjekt 195 Brannvern – Ny pumpe vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL KOMMUNESTYRET :

INVESTERINGSPROSJEKT – REKNESKAPAR OG SLUTTRAPPORTAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for investeringsprosjekta_

- 155 Branndepot i Kvammen.
- 165 Veglys PCB
- 183 Branngarasje Værlandet.
- 195 Brannvern – Ny pumpe.

Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kommunestyret gjer vedtak.

Saksopplysningar:

I følge økonomireglement for Askvoll kommune pkt. 10.17 "Sluttrapport/-rekneskap" skal det utarbeidast sluttrekneskap og sluttrapport for alle investeringsprosjekt. Sluttrekneskapar med ein bruttokostnad over kr. 500.000,- skal leggjast fram som eiga sak til kommunestyret. Prosjekt med vesentlege avvik skal alltid rapporterast til kommunestyret. Revisor og kontrollutval skal gje uttale til sluttrekneskapar før handsaming i kommunestyret, jfr. Forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval.

I denne saka ligg det føre fire rekneskapar som kvar for seg har kostnader under kr. 500.000,-. Samla ligg kostnadane over kr. 500.000,-.

Det vert vist til rekneskapane og sluttrapportane og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Sluttrapport og byggjerekneskap er oversendt revisjonen. Revisjonsuttalen er datert 11.03.2011.

Prosjekt 155 Branndepot i Kvammen.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad med kr. 162.389,-. Budsjettråma var på kr. 130.000,-. Det er såleis ei overskriding i høve til budsjett på kr. 32.389,-. Det er allereie vedteke finansiering for overforbruket.

Prosjekt 165 Veglys PCB.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad med kr. 200.000,-. Budsjettråma var på kr. 200.000,-. Prosjektet har gått i balanse.

Prosjekt 183 Branngarasje Værlandet

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad med kr. 241.898,-. Budsjettråma var på kr. 236.327,-. Det er såleis ei overskriding i høve til budsjett på kr. 5.571,-. Prosjektet er fullfinansiert.

Prosjekt 195 Brannvern – Ny pumpe.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad med kr. 152.181,-. Budsjettråma var på kr. 150.000,-. Det er såleis ei overskriding i høve til budsjett på kr. 32.389,-. Prosjektet er fullfinansiert.

Revisjonsuttalane stadfester taldelen i sluttrekneskapane

Kontrollutvalet si oppgåve er å gje ein uttale til prosjektrekneskapenane.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at alle rekneskapane kan godkjennast slik dei ligg føre.

KOPI

Kopi:

Kontrollutvalet

Rådmannen

Konst. Økonomisjef

Askvoll Kommunestyre
v/Ordfører

6980 ASKVOLL

Dykkar ref.:
11/235-2, 11/779-1

Vår ref.:
Kryss/Askvoll/prosjektrek/2012/prosjekt78606

Arkivkode:
212

Journalnr.:
010/2012

Dokumentdato:
22. februar 2012

REVISJONSUTTALE - SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORTAR I ASKVOLL 4 AVSLUTTA/SLUTTFØRTE OG FERDIGSTILLTE PROSJEKTRKNESKAP 2006/2010

I ekspedisjon av 19.10.11 frå teknisk sjef i Askvoll kommune er det oversendt fire avslutta prosjektrekneskap med tilhøyrande sluttrapportar. Dette gjeld følgjande prosjektrekneskap:

- *Prosjekt nr. 155, Branndepot Kvammen*
- *Prosjekt nr. 165, Veglys PCB*
- *Prosjekt nr. 183, Branngarasje Værlandet*
- *Prosjekt nr. 195, Brannvern – Ny pumpe*

Ovannemnde prosjektrekneskap har vore førelagt kommunerevisjonen i Askvoll kommune for gjennomsyn og kontroll. Ettersom dei fire prosjektrekneskapane med evalueringsrapportar er førelagt oss i ei samla sak, velger vi å uttale oss og rapportere vidare ei samla sak for dei fire rekneskapane.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som samsvarar med "ISRS 4400 – Avtala kontroll-handlingar". Desse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å bistå Askvoll Kommunestyre i vurderinga av riktigheita av økonomien i dei fire prosjekta.

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:

Det er vår vurdering at evalueringsrapporten til det einskilde investeringsprosjekt med fordel kunne ha vore meir utfyllande, forklarande og opplyssande for avvika som er konstateret i høve vedtekne budsjettrammer og endringar som har vore under gjennomføringsfasane i prosjekta. Vi viser i denne samanheng til vedteke og gjeldande *økonomireglement* for Askvoll kommune, som definerer kva tid ferdigstilte byggjeprojekt skal utarbeidast og korleis rapporterast til politisk handsaming. Her viser vi til vårt skriv av 11.03.11, og til rådmannen sitt tilsvaret av 27.03.11. For ordens skuld legg vi ved desse dokumenta i saka.

Det er utarbeidd standardisert rapporteringsskjema for prosjektrekneskap og i tillegg er det utarbeidd ein standardisert sluttrapport for det einskilde prosjekt. Administrasjonen har søkt å få etablert rutiner for ferdigstilling og sluttrapportering av ferdigstilte byggjeprojekt, som skal

vere i tråd med retningslinjene som går fram av det økonomireglement som er vedteke av dei folkevalde. Både revisor og kontrollutvalet har over tid etterlyst framlegging av ferdigstilte byggjeprojekt etter kvar som desse er slutførte. Det har vore merknader kring dette i dei siste års revisjonsberetningar; noko også medlemmane i kommunen sitt kontrollutval har vore opp-tekne av. Etter vår oppfatning er det gode voner for at ein kan få til faste rutiner på dette slik at kommunen sitt økonomireglement sin ordlyd blir etterlevd på dette punkt framover.



Prosjekt 155, *Branndepo i Kvammen*, var ferdigstilt i 2006 og hadde ei samla budsjetttramme på kr. 130.000,-. Den slutførte byggjerekneskapen viste ein sum kostnader på kr. 162.389,-; dvs. ein meirkostnad på kr. 32.389,-, som i ettertid er vedteken oppfinansierte med bruk av eksterne lånemidlar (2007).



Prosjekt 165, *Veglys PCB*, hadde ei budsjetttramme på kr. 200.000,-. Prosjektet er gjennomført i tidsrommet 2007 – 2009, og den ferdigstilte byggjerekneskapen korresponderer med avsette budsjettmidlar til prosjektet.



Prosjekt 183, *Branngarasje Værlandet*, vart slutført i 2010. Det var først løyvd kr. 170.000,- til dette prosjektet. I 2010 vart det lagt fram sak for Askvoll Kommunestyre, K-sak 043/2010, der det vart gjeve tilleggsloving til prosjektet med kr. 66.327,-, slik at den gjeldande budsjetttramme utgjer kr. 236.327,-. Det er bokført kostnader i prosjektet etter det, slik at den avslutta byggjerekneskapen viser ein total kostnad på kr. 241.898,- inkl. mva. Prosjektet viser såleis eit meirforbruk i høve vedteken budsjetttramme på kr. 5.571,-. I sluttrapporten er det ikkje gjeve anbefalingar kring korleis meirforbruket skal dekkast. Det er likevel slik at meirkostnaden er dekkast inn i 2011-rekneskapen ved bruk av eksterne lånemidlar jfr. vedtak i F-sak 064/11 og vedtak i Askvoll Kommunestyre den 07.11.11, sak 054/11.



Prosjekt 195, *Brannvern – Ny pumpe*, hadde ei investeringsramme på kr. 150.000,-. Den samla kostnad som er bokført på prosjektet utgjer kr. 152.181,-. I sluttrapporten for prosjektet er det ikkje gjeve anbefalingar kring korleis meirkostnaden skal finansierast, men revisor er kjend med at det ligg føre oppfinansieringssak (samlesak) for udekka i investeringsrekneskapen pr. 31.12.10, som har vore til handsaming Formannskapet og i Kommunestyret i 2011; jfr. F-sak 064/11 og Kst-sak 054/11 (jfr. her også prosjekt 183, *Branngarasje Værlandet*, nemd ovanfor).

Vi stadfester med dette at vi bl.a. har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:


- om den einskilte prosjektrekneskap er underskriven på vegne av kommunen
- beskrivinga av at prosjektrekneskapen samsvarar med politisk vedtak og budsjettføresetnader.
- utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedkjem prosjektet og har "tilhørigheit" til dette
- at det er korrekt handsaming av regelverk kring moms og momskompensasjonsordningane (to adskilte regelregime)
- at prosjektrekneskapen er konsistent med taldelen i dei offisielle årsrekneskapane for Askvoll kommune, som den byggjer på
- at rekneskapsrapporteringane er i samsvar med Askvoll Kommunestyre sine vedtak. - jfr det som er nemnt i den einskilte sluttrapport og våre kommentarar ovanfor


Vi vil bemerke at både økonomikontoret (rekneskapfører/økonomisjef) og prosjektleiar (teknisk sjef, rådmann eller den han gjev slik mynde) bør ha si påskift på endeleg rapportering av byggjerekneskapen (signatur på økonomidata/talmaterialet). Prosjektrekneskapane er signert av konstituert økonomisjef og sluttrapportane er signert av teknisk sjef. Evalueringsrapporten kring ein slutført og avslutta prosjektrekneskap bør ha i seg tilråding om korleis meirforbruk skal inndeckast/finansierast og korleis eit eventuelt mindreforbruk vert tilrådd nytta/disponert.

Vi har stadfesta taldelen i sluttrapporteringane ved vår påteikning i dag, 22.02.12, med henvisning til denne revisjonsuttale.

Våre revisjonshandlingar mot ovannemnde prosjektrekneskap vil bli innstilt frå vår side så snart Askvoll Kommunestyre sitt vedtak i saka er effektivert av økonomiavdelinga i Askvoll kommune.

Florø 22. februar 2012


Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef


Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

Vedlegg:

Prosjektrekneskap Branndepot Kvammen m/sluttrapport
Prosjektrekneskap Veglys PCB m/sluttrapport
Prosjektrekneskap Branngarasje Værlandet m/sluttrapport
Prosjektrekneskap Brannvern – Ny pumpe m/sluttrapport
Oversendingsbrev frå teknisk sjef, d. 19.10.11
Revisor sitt brev til rådmannen 11.03.11
Rådmannen sitt svarbrev til revisor, d. 27.03.11
Særutskrift av Askvoll Kommunestyre si sak 07.11.11, sak 054/11

						
	Sluttrapport					
	Dok.	Nr.	Rev.	Godkjent dato	Godkjent	Merknad

Prosjekt navn: BRANNDPOT KVAMMEN

Prosjektnr. 155

Plan- og byggenemd:

Formannskapet:

Kommunestyret: *INVESTERINGSBUDSJETT 2006 – K-sak031/06*


Historie:

Etter brannordning til Askvoll som er godkjent av DSB, måtte kommunen etablere branndepot i Kvammen. Depotet vart etablert i 2006. For å kunne vere operativ vart det kjøpt inn utstyr som brannhengar m.m slik at depotstyrken på 6 mann kunne vere førsteutrykningsstyrke ved brann og ulykker i Kvammen/Flokenesområdet. Der er teke inn meir utstyr i tilfelle trafikkulykker som er litt annleis enn det utstyret enn det ein finn ved andre depot. Etter avtale leiger kommunen garasje i allbygget der vi har lagra utrykningsstilhengar m.m.

Samla kostnad vart kr. 162.389,- inkl. mva.

Grunn for overskriding er i hovudsak at der er kjøpt inn meir utstyr i forhold til trafikkulykker ved branndepotet i Kvammen. Meirforbruk skal alt vere dekkja innanfor rekneskap til kommunen i 2006/2007.

Økonomi:

Vedtatt ramme: Kr. 130.000	Kommunestyretsak:
	Investeringsbudsjett 2006.
Oppfinansiering:	Formannskap:
Endeleg kostand: Kr. 162.389,-.	
Meirforbruk: Kr. 32.389,-	
	Dato: Askvoll 22.09.11
	Sign: 

Prosjektrekneskap for: Branndepot Kvammen										Løyvingar/Politiske vedtak:			
Prosjekt nr: 155										Kr. 130.000		K-sak 031/06	
Periode/År: 2006													
Oppstart: 2006													
Ferdigstilt: 2006													
Spesifikasjon utgifter/inntekter:													
	Vedtekte budsjett-tal:					Rekneskapstal:				SAMANDRAG/TOTALER:			
	År 2006	År 2007	År 2008	År 2009	År 2006	År 2007	År 2008	År 2009	Sum Budsjett	Sum Rekneskap	Avvik i kr.		
Utgiftsart:													
Kjøp av driftsmiddel	130 000				129 121				130 000	129 121	879		
Byggetenester					790				0	790	-790		
Meirverdiavgift					32 478				0	32 478	-32 478		
									0	0	0		
									0	0	0		
									0	0	0		
									0	0	0		
									0	0	0		
									0	0	0		
Sum Utg./kostnader	130 000	0	0	0	162 389	0	0	0	130 000	162 389	-32 389		
Inntektsartar:													
Tilskot													
Bruk av fondsmidar									0	0	0		
Annan eigenkapital									0	0	0		
Bruk av lånemidar	-130 000				-130 000			-32 389	-130 000	-162 389	32 389		
Kapitalinntekter									0	0	0		
Overførte driftsmidar									0	0	0		
Likviditetsreserve									0	0	0		
Sum inntekter	-130 000	0	0	0	-130 000	0	0	-32 389	-130 000	-162 389	32 389		
Nettoutgifter	0	0	0	0	32 389	0	0	-32 389	0	0	0		
Meir kostnad i høve sum vedteke budsjett												32 389	

Revidert, jfr. uttale 22/3-2012

Dato:
Askvoll 19.09.11

Signatur:

Nina Haugstad

Konst. Økonomisjef

Wina Haugstad

						
	Sluttrapport					
	Dok.	Nr.	Rev.	Godkjent dato	Godkjent	Merknad

Prosjekt navn:	VEGLYS PCB	Prosjektnr. 165
-----------------------	-------------------	------------------------

Plan- og byggenemd:
Formannskapet:
Kommunestyret:
INVESTERINGSBUDSJETT 2007 – K-sak 092/06


Historie:

Kommunen hadde i 2007 samla ca. 400 veglyspunkt. Stipulert at det kunne vere snakk om utskifting av inntil 100 stk. veglysarmatur (dvs. eldre enn 1980), alle på trestoplar. Det vart henta pris på nye armatur. Kommunen har nytta SFE som har skifta ut dei gamle armaturane og montert opp nye. Samla vart det skifta ut i underkant av 50 armatur. I samband med arbeidet med utskifting av armatur måtte kommunen skifte ut 3 stolpar og gjennomføre ein del bardunering (krav mht. helse-, miljø og sikkerhet).

Oppmontering og utskifting er lagt opp slik at dei vart skifta når SFE hadde andre oppdrag i nærområdet og har pågått til og med 2009. Fylkesmannen har fått tilbakemelding om status mht. utskifting av veglys som har kondensatorer med PCB i 2009.

Stipulert kostnad for arbeidet var mellom kr. 200-300.000,-. Kommunen sette av kr. 200.000,- til tiltaket. Ramme har dekket faktisk kostnad.

Økonomi:

Vedtatt ramme: Kr. 200.000,-	Kommunestyretsak:
	Investeringsbudsjett 2007.
Oppfinansiering:	Formannskap:
Endeleg kostand: Kr. 200.000,-.	
Meirforbruk: Kr. 0,-	
	Dato: Askvoll 22.09.11
	Sign: 

Prosjektrekneskap for: Veglys (PCB)										Løyvingar/Politiske vedtak:			
Prosjekt nr. 165										Kr. 200.000			
Periode/År: 2007-2009										Komunestyret K-sak 092/06			
Oppstart: 2007										(investeringsbudsjett 2007)			
Spesifikasjon: utgifter/inntekter:													
Ferdigstilt: 2009													
Vedtekne budsjetttal:										Rekneskapsal:			
	År	År	År	År	År	År	År	År	År	Sum	Sum	Sum	Avvik i kr.
Utgiftsart:	2007	2008	2009	2010	2007	2008	2009	2010	2010	Budsjett	Rekneskap		
Kjøp av driftsmidler						95 600				0	95 600	-95 600	
Byggeteneste	200 000					29 590	34 810			200 000	64 400	135 600	
Meirverdiavgift						31 297	8 703			0	40 000	-40 000	
										0	0	0	
										0	0	0	
										0	0	0	
										0	0	0	
										0	0	0	
										0	0	0	
										0	0	0	
										0	0	0	
Sum Utg./kostnader	200 000	0	0	0	0	156 487	43 513	0	0	200 000	200 000	0	
Inntektsartar:													
Tilskot													
Bruk av fondsmidler										0	0	0	
Annan egenkapital										0	0	0	
Bruk av lånemidler	-200 000						-200 000			-200 000	-200 000	0	
Kapitalinntekter										0	0	0	
Overførte driftsmidler										0	0	0	
Likviditetsreserve										0	0	0	
Sum inntekter	-200 000	0	0	0	0	0	-200 000	0	0	-200 000	-200 000	0	
Nettoutgifter	0	0	0	0	0	156 487	-156 487	0	0	0	0	0	
Meirkostnad/Mindreknad i høve sum vedteke budsjettt													0

Revidert i - jfr. uttale 22.2.2012

Dato: Askvoll 19.09.2011

Signatur:

Nina Haugstad

Konst. Økonomisjef

Nina Haugstad

Kommunerevisjonen

Kommunerevisjonen

Kommunerevisjonen

Kommunerevisjonen

Kommunerevisjonen

Kommunerevisjonen

Kommunerevisjonen

Kommunerevisjonen

						
	Sluttrapport					
	Dok.	Nr.	Rev.	Godkjent dato	Godkjent	Merknad

Prosjekt navn: BRANNGARASJE VÆRLANDET

Prosjektnr. 183

Plan- og byggenemd:

Formannskapet:

Kommunestyret: K-sak 039/08 og K-sak 043/10

Historie:

Branndepot ved Bulandet og Værlandet er no samlokalisert. For å få til ordning som kunne fungere vart det bestemt å bygge branngarasje på Værlandet. Depotet har i dag tidlegare utrykningsbil (Jeep) til brannvernet i Askvoll med utrykningstilhengar m.m.

Det vart sett av kr. 170.000 til prosjektet jf. K-sak 039/08 (sitat):

Askvoll kommune løyver kr. 170.000 frå disposisjonsfondet – balansekonto 25699700 til bygging av ny garase/depot på Værlandet.


I K-sak 043/10 er det gjort løyving lik kr. 66.327,-.

Samla kostnad vart kr. 241.898,- inkl. mva.

Grunnar til overskriding var slik:

- Tilknytning til vatn (ikkje berekna inn - nødvending mht. vask av utstyr etc.).
- Grunnarbeid vart dyrare enn det som var kalkulert.
- Garasje vart tilpassa slik at den kan lagre utstyr på loftet (utstyr for IUA).




Økonomi:

Vedtatt ramme: Kr. 170.000,- Kr. 66.327,-	Kommunestyretsak: K-sak 039/08
Oppfinansiering:	Formannskapet:
Endeleg kostand: Kr. 241.898,-.	
Meirforbruk: Kr. 5.571,-	
	Dato: Askvoll 22.09.11
	Sign: 

Revident; -jp, uttale 23/3. 2012
Kommune revisjonen
74re Sogn og Stundjorð
9000, 487 000 Forde

BRANNGARASJE – VÆRLANDET.

- TOMT (GULT):



Askvoll kommune har frå Værlandet Vel fått tilgang til "fri" tomt på del av gbnr. 60/57.

Naboer/eigarar:

- Idrettsplass er eigd av Askvoll Idrettslag. Tilkomst må skje via tilkomstveg til gbnr. 60/57.
- Gnr. 60/57 og 60/69 grensar begge til gbnr. 60/1. Gbnr. 60/57 grensar ellers til kommunal veg.

Kommunen skal bygge branngarasje på gbnr. 60/57.

Delar av tomten vil og ligge inne på gbnr. 60/1.

Kommunestyret har i K-sak 039/08 gjort slikt vedtak:

KOM-039/08 VEDTAK:

Askvoll kommune løyver kr. 170.000 frå disposisjonsfondet – balansekonto 25699700 til bygging av ny garase/depot på Værlandet.

I kostnadskalkyle såg kommunen for seg festeavtale/tinglysing og har kalkulert 5000,-.

Vil vere betre å frådeling (oppmålt) eigen tomt (tinglysing, skjøte). Kostnad vert då mellom kr. 15-20.000,-.

Askvoll 01.09.08

PJR

						
	Sluttrapport					
	Dok.	Nr.	Rev.	Godkjent dato	Godkjent	Merknad

Prosjekt navn: BRANNVERN – NY PUMPE

Prosjektnr. 195

Plan- og byggenemd:

Formannskapet:


Kommunestyret: INVESTERINGSBUDSJETT 2010 – K-sak 072/09.

Historie:

Tilhengerpumpe måtte skiftast ut pga. skade som oppstod på den gamle i samband med husbrann i Skorvemarka i 2009. Det vart sett av midlar i investeringsbudsjett 2010. Kommunen henta inn tilbod på pumpe. Det vart kjøpt inn ny brannpumpe type Ziegler (60 Hk brannpumpe) som er driftsikre.

Samla kostnad vart kr. 152.181,- inkl. mva.

Økonomi:

Vedtatt ramme: Kr. 150.000	Kommunestyretsak: Tiltak vart vedtek i desember 2009 – Budsjett for 2010.
Oppfinansiering:	Formannskap:
Endeleg kostand: Kr. 152.181,-.	
Meirforbruk: Kr. 2.181,-	
	Dato: Askvoll 22.09.11
	Sign: 

Signatur:
Nina Haugstad
Kosnt. Økonomisjef

Wine House

Dato: Askvoll 19.09.11

Revident; ~~Thommasen~~ 23
Yre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487 801 Førde

Dagleg lærar/Revisjonssjef

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Dato: 25.10.2011 Off:
Sak nr. 027/2011 Reg.m:
Arkiv: 212
Avd.kode: 1428
Sakshandsamar: TFL



KRYSS-revisjon
Kommunnerevisjonen i ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487
6801 FØRDE

Vår ref.
11/779-1

Dykkar ref.

Arkiv
K1-212

Dato:
19.10.2011

PROSJEKTRKESKAP - PERIODE 2006 - 2010

Sender over sluttrapport for vidare handsaming jf. økonomireglement pkt. 10.17:

Prosjekt nr. 155: Branndepot Kvammen.

Oppretting av branndepot 2006 i Kvammen som vart gjennomført i 2006. Samla ramme var kr. 130.000. Kostand vart kr. 162.389. Overforbruk er dekket via rekneskap 2006/2007.

Prosjekt nr. 165: Veglys PCB.

Utskifting av veglys med i PCB-innhald som er gjennomført i perioden 2007-2009. Samla kostandsramme var kr. 200.000 som og vart kostnaden til prosjektet.

Prosjekt nr. 183: Branngarasje Værlandet.

Branngarasje på Værlandet som vart gjennomført i 2008-2010. Samla kostnad var kr. 241.898,-. Av desse er kr. 236.327 dekket. Meirforbruk er kr. 5.571,-.

Prosjekt nr. 195: Brannvern – Ny pumpe.

Innkjøp av ny brannpumpe vart gjennomført i 2010. Ramme var kr. 150.000 og kostand vart kr. 152.181,-. Meirforbruk er kr. 2.181,-.

Inndekking vil skje i samråd med oppstilling i F-sak 064/11 "Akkumulert udekket poster i investeringsrekneskap 2010" (ligg vedlagt). I tillegg til sluttrapport ligg vedlagt prosjektrekneskap samt utskrifter frå Agresso (budsjettkontroll investeringar).

Med helsing

Per Jan Ryland
Teknisk sjef

Direkte tlf.: 57 73 07 32

Kopi til:

Svein Festervoll

6980 ASKVOLL

Askvoll Kommune
v/Rådmannen
6988 Askvoll

Dykkar ref.:
Økonomireglement

Vår ref.:
Kryss\Askvoll\invest/os11

Arkivkode:
212&11

Journalnr.:
10/2011

Dokumentdato:
11.03.2011

Sluttrapport/Sluttrekneskap for investeringsprosjekt i Askvoll kommune.

Rekneskapen for Askvoll kommune viser at det er mange relativt gamle investeringsprosjekt som ikkje er avslutta og rapportert til politisk beslutningsorgan. Det er grunn til å tru at ein del av desse prosjekta er ferdigstilte og at det såleis skulle vore utarbeidd sluttrapport/-rekneskap for desse.

Askvoll kommunestyre har pr. 25.09.2006 vedteke „Økonomireglement for Askvoll kommune“. Vi viser til punkt 10.17 *Sluttrapport/-rekneskap* i nemnde reglement:
(Sitat:)

Det skal utarbeidast sluttrekneskap og sluttrapport for alle investeringsprosjekt. Sluttrekneskap med ein bruttokostnad over kr.500.000,- skal leggjast fram som eiga sak til kommunestyret. Prosjekt med vesentlege avvik skal alltid rapporterast til kommunestyret. Revisor og kontrollutval skal gje uttale til sluttrekneskap før handsaming i kommunestyret jmf forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval.

For byggjeprojekt skal det fremjast sluttrekneskap for politisk handsaming så snart råd, og seinast eitt år etter at overtakingsforretninga har funne stad. (Sitat slutt.)

Reglementet definerer og m.a. kven som har ansvaret for at sluttrekneskap vert utarbeidd og likeeins kva sluttrapporten skal innehalde.

Sidan det ser ut som om ikkje vedteke reglement vert følgt når det gjeld sluttrekneskap og sluttrapportering av vedtekne investeringsprosjekt i Askvoll kommune, må vi be om ei tilbakemelding frå administrasjonen på om det kan vere nokon særleg grunn til avvik frå nemnde reglement. Vi må likeeins be om tilbakemelding på korleis administrasjonen ser for seg at avslutta investeringsprosjekt vil bli handsama i tråd med vedteke reglement.

Som det går fram av „Økonomireglement for Askvoll kommune“ 10.17 1. avsn. skal sluttrekneskapen med sluttrapport til revisjonen og kontrollutvalet for uttale før handsaming i kommunestyret. Det er vel også naturleg at slike saker går via Formannskapet, som har innstillingsrett i rekneskapsaker overfor Kommunestyret.


Dersom vårt inntrykk av at det er fleire avslutta investeringsprosjekt i Askvoll kommune sitt rekneskap som ikkje er sluttrapporterte, er korrekt, tør vi be om at administrasjonen gjer greie for det og kan gje ei tilbakemelding på kva tid revisjonen vil kunne forvente å få framlagt prosjektrekneskap med evalueringsrapportar til uttale.

Vi har tillate oss å oversende rapporteringsmal og eksempel på korleis andre kommunar praktiserer dette. Dette har vi sendt økonomiansvarleg pr. e-post, og håper det er ok. Vonalet kan det vere til hjelp i dette arbeidet. Vi står gjerne til disposisjon med råd og rettleing i den samanheng.

Av omsyn til både administrasjonen og revisjonen sitt pågåande og føreståande arbeid kring årsoppgjeret av årsrekneskap og årsrapport/årsmelding, ønskjer vi i første omgang ei tilbakemelding frå rådmannen på korleis ein ser for seg at byggjerekneskap/ prosjektrekneskap skal ferdigstillast og sluttrapporterast framover.

Vi tør be om å få ei tilbakemelding på ovannemnde innan den 25. d.m.

Flora den 17. mars 2011



Oddbjørn Svarthumle
Kommunevisor 1

Kopi: Økonomisjef i Askvoll kommune

Kryss Revisjon v/ Oddbjørn Svarthumle
Strandgaten 43

6900 FLORØ

Dato: 31.03.2011 Off:
Sak nr. 13/2011 Reg.nr.:
Arkiv: 2128 11
Avd.kode: 1428
Sakshandsamer OS

Vår ref.
11/235-2

Dykkar ref.

Arkiv
K1-212

Dato:
27.03.2011

SLUTTREKNESKAP FOR INVESTERINGSPROSJEKT I ASKVOLL KOMMUNE

Vi seier oss leie for at sluttregnskap for investeringsprosjekt i Askvoll kommune ikkje er avslutta og lagt fram for kontroll og handsaming på den måten vårt eige reglement seier dette skal gjerast.

Eg har teke saka opp med økonomisjefen og ho peiker på at det har vore svikt i rutine over lang tid. Dette er eg også kjent med, sjølv om det ikkje er på detaljnivå og har for fleire månader sidan pålagt leiaren for teknisk avdeling å sjå til at prosjektrekneskapen for fleire ulike prosjekt vert lagt fram for sluttrapport og sluttregnskap.

Teknisk avdeling er pressa på fleire område og eit tidvis stort fråver blant dei tilsette fører til at ting ikkje vert tatt hand om slik dei burde. Vi er no i oppstartsfasen for ein omorganisering av det som i dag høyrer til teknisk avdeling og voner på denne måten å få kontroll over både oppgåvene, organiseringa og forvaltninga av desse – under dette høyrer også prosjektreknskap og sluttrapportar.

Teknisk sjef har lova å sjå til at sluttregnskap og rapportar for avslutta prosjekt no vert utarbeidd og lagt fram i tråd med økonomireglementet til politisk handsaming i samband med årsregnskapen.

Med helsing


Svein Festervoll
Rådmann

Direkte tlf.: 57 73 07 03

Kopi: Økonomisjef Julie Gjervik, her
Teknisk sjef Per Jan Ryland



SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Formannskapet	20.10.2011	064/11	GJJ
Kommunestyret	07.11.2011	054/11	GJJ
Komit� for plan og �konomi	07.11.2011	004/11	GJJ

Saksbeh
Nina Haugstad

Arkivsaknr
11/26-8

Arkiv
K1-210

AKKUMULERT UDEKKA POSTAR I INVESTERINGSREKNESKAPEN 2010

R DMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rest akkumulert udekka postar i investeringsrekneskapen 2010 kr. 3.752.048,- vert finansiert slik:

- Ubrukte l nemidlar kr. 84.303,-
- Rest salssum "Doktorgarden" kr. 220.901,-
- L neopptak kr. 3.446.844,-.

Dette gir auka l neopptak for 2011 p  kr. 3.446.844,-.
Budsjett 2011 vert regulert tilsvarende for dei einskilde postane.

20.10.2011 FORMANNSKAPET

R ysting – samr ystes:

Formannskapet er samd i r dmannen sitt framlegg til vedtak.

FOR-064/11 TILR DING:

Kommunestyret godkjenner r dmannen sitt framlegg til vedtak.

07.11.2011 KOMIT  FOR PLAN OG  KONOMI

R ysting – samr ystes:

Komit en er samd i r dmannen sitt framlegg til vedtak.

PØK-004/11 TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Saksordfører: Åge Guddal

07.11.2011 KOMMUNESTYRET

Saksordfører Åge Guddal la saka fram for kommunestyret

Røysting – samrøystes:

Komité for plan og økonomi si tilråding vart vedteken.

KOM-054/11 VEDTAK:

Rest akkumulert udekka postar i investeringsrekneskapen 2010 kr. 3.752.048,- vert finansiert slik:

- Ubrukte lånemidler kr. 84.303,-
- Rest salssum "Doktorgarden" kr. 220.901,-
- Låneopptak kr. 3.446.844,-.

Dette gir auka låneopptak for 2011 på kr. 3.446.844,-.

Budsjett 2011 vert regulert tilsvarende for dei einskilde postane.

Saksutgreiing:

Investeringsrekneskapen pr. 31.12.2010 viser ei udekket finansiering på kr 5 088 965,68.
Dette er vist under note 18/19

Udekket postar i investeringsrekneskapen kjem av følgjande prosjekt:

Prosjekt	Prosjekt (T)	Beløp
138	Administrasjonslokale	3 777 252,00
145	Gang og sykkelveg	22 130,50
164	Loftheimvegen	421 210,92
169	Røverompa barnehage - tilbygg	282 840,61
176	Værøy Hamn - Gangveg	128 827,40
183	Branngarasje Værlandet	5 571,00
191	Stongfjorden kapell	96 627,00
192	Parkeringsplass Gjeldsvik gravplass	54 796,25
195	Brannvern - ny pumpe	2 181,00
208	Breibånd	6 755,00
700	KLP	290 774,00
		5 088 965,68

Revisor har i sin revisjonsberetning for 2010 kome med følgjande presisering:
Sum akkumulert udekket postar i investeringsrekneskapen pr. 31.12.10 utgjør kr. 5 088 966,-
Vi viser til note 19 og peikar på at det ligg til Askvoll kommunestyre å finne budsjettdekning
for udekket beløp innan utgangen av 2011.

Eigenkapital innskot KLP er budsjettert med finansiering i investeringsbudsjett for 2011.

Parkeringsplass Gjeldsvik gravplass, her skal Førdefjorden Vel inn med tilskot.

Adm.lokale skal delvis finansierast ved sal av fast eigedom. Per. 31.12.2010 var ikkje alle
eigedomar som skulle finansiere div prosjekt selde. I byrjinga av 2011 vart "doktorgarden"
selt og går inn som finansiering av adm. lokale med kr. 991 347,-

Det gjenstår da finansiering av kr 3 752 048,-

Økonomisjefen foreslår å finansiere beløpet slik:

Ubrukte lånemidler prosjekt 156 – Veg	kr. 12 073,-
Ubrukte lånemidler prosjekt 158- Parkeringsplass	kr. 17 552,-
Ubrukte lånemidler prosjekt 185 – PLO	kr. 22 396,-
Ubrukte lånemidler prosjekt 151 – Vaskeri PLO	kr. 32 282,-
Rest salssum "doktorgarden"	kr. 220 901,-
Låneopptak	<u>kr. 3 446 844,-</u>
Sum	<u>kr. 3 752 048,-</u>

Dette gir auka låneopptak for 2011 på kr. 3 446 844,-
Investeringsbudsjettet må regulerast tilsvarende for 2011.

06/12 VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 02.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.03.2012	06/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av uavhengigheit, datert 07.02.12

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Askvoll kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 07.02.2012 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Askvoll kommune, har i brev datert 07.02.12 gjeve ei skriftleg egenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i egenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Askvoll kommune.

27/12

*Til Kontrollutvalet
i Askvoll kommune*

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Revplan 2012\
Erklæring2012Askvoll

Arkivkode:

216&30

Journalnr.:

005 / 2012

Dokumentdato:

7. februar 2012

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT ASKVOLL KOMMUNE

Innleiing:

I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både KommuneLOVA (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. KommuneLOVA § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føreteK revisjon
4. ha nærståande (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikke revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Askvoll kommune.</i>

Pkt. 8: Andre særlige forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særlige forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor Askvoll kommune.</i>
-------------------------------	--

Førde den 7. februar 2012



Terje Førde

Oppdragsansvarleg Revisor i Askvoll kommune

Kopi:

Askvoll kommune v/Rådmannen

Askvoll kommune v/Ordføraren

Til KRYSS-Revisjon
v/dagleg leiar Terje Førde
Postboks 487
6802 FØRDE

Kopi: Kontrollutvala

Dykke ref.:	Vår ref. :	Arkivkode :	Journalnr. :	Dokumentdato:
	Revplan 2012	216&30	018 / 2012	08.02.2012

Vurdering av uavhengigheit - Revisjonsplanen for Askvoll Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund kommune 2012

Innleiing:

I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval. Slik uavhengigheitsvurdering ligg føre frå dagleg leiar/revisjonssjefen si side i skriv til Kontrollutvalet.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet, der også denne uttale frå utøvande revisor(ar) vil ligge ved.

Både KommuneLOVA (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærmare beskrive nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. KommuneLOVA § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskriften, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særlege forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor, når det gjeld utøvinga av revisjonsarbeid, m.v., overfor kommunane nemnt i overskrifta, evt. kommunale føretak innafor kommunane, og øvrige føretak/verksemdar tilknytta KRYSS Revisjon sin oppdrag overfor desse:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikkje revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptre som fullmektig for kommunen eller nokon del av oppdraget.</i>

Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor kommunen.</i>
-------------------------------	---

Førde den 08.. februar 2012


Charles Lutsheim
Revisjonssjef forvaltning

07/12: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØPSFUNKSJONEN – ASKVOLL KOMMUNE – TINGING

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 02.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.03.2012	07/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Utkast tingsdokument forvaltningsrevisjon innkjøpsfunksjonen – Askvoll, datert 09.03.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 24/11.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Tinginga for prosjektet ”Innkjøpsfunksjonen Askvoll kommune” vert godkjent.
2. Tingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØPSFUNKSJONEN – ASKVOLL KOMMUNE – TINGING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt "Innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune."

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er heimla i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5:

Kap. 5. Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

§ 11. Rapporter om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.

Det vart gjennomført overordna analyse i 2005. Denne var rullert i 2008. På grunnlag av overordna analyse vart det utarbeidd Plan for forvaltningsrevisjon for Askvoll kommune 2008 – 2011. Denne vart vedteken av kommunestyret i Askvoll i sak 095/08 15.12.2008.

I kontrollutvalsmøte 18.11.2011 under sak 024/11 "Forvaltningsrevisjonsprosjekt Val av prosjekt" valde kontrollutvalet at det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonsprosjekt inn mot innkjøpsfunksjonen på eit generelt grunnlag.

SEKOM-sekretariat har no utarbeidd eit utkast til tinging av oppdraget. Utkastet ligg ved. SEKOM-sekretariat har diskutert tilsvarende prosjekt i andre kommunar med KRYSS-revisjon.

Etter vedtak i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til KRYSS-revisjon, som vil operasjonalisere og gje tilbakemelding på tinginga.

Vidare handsaming av prosjektet vil bli tilnærma som følgjande:

- Oversending av tinginga til KRYSS-revisjon.
- Tilbakemelding frå KRYSS-revisjon vedr. tingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå KRYSS-revisjon i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaufande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaufande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå KRYSS.
- Levering av prosjekt KRYSS til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i kommunestyret.
- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak eit år etter vedtak i kommunestyret

Sekretariatet sine vurderingar:

Det vert vist til saksutgreiinga.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

KRYSS-revisjon

6800 FØRDE

Askvoll 09.03.2012

TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT "INNKJØPSFUNKSJONEN – ASKVOLL KOMMUNE"

Prosjektnamn

Innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune

Bakgrunn for undersøkinga

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 og i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5. I § 9 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

I kontrollutvalsmøte 04.12.2008 i sak 14/08 Plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011 gjorde kontrollutvalet tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon med prioritert oppsett av prosjekt. I kommunestyremøte 15.12.2008 i sak 095/08 Plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011 godkjente kommunestyret planen.

Formål med undersøkinga

Dei styrande organ i Askvoll kommune ynskjer ei vurdering av innkjøpsfunksjonen i kommunen.

Avgrensing av undersøkinga

År 2011.

Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet

- Følgjer Askvoll kommune regelverket for kommunale innkjøp, og er det etablert rutinar for å sikre dette?

Økonomi

Prosjektet skal gjennomførast innanfor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør .

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kjeldegrunnlag

Kommunelova.
Lov om offentlege anskaffelsar.
Innkjøpsavtale mellom kommunane i Sogn og Fjordane/Fylkeskommunen.
Overordnaanalyse 2008 – 2011.
Plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011.
RSK001.

Rapportering

Revisor skal gje tilbakemelding til kontrollutvalet på tingingsdokumentet i samsvar med føresegnene i RSK001. Jfr særskilt pkt. 11, 12, 16, 19 og 20.
Det vil bli innhenta status frå revisor framfor møte i kontrollutvalet inntil rapport vert levert.
Rapport skal leverast innan 1. mars 2013.

Tinginga er vedteken godkjent i kontrollutvalet såleis:

Sak 07/12 «Tinging forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdering innkjøpsfunksjonen» 09.03.2012.

Jorunn Ringstad
-kontrollutvalsleiar-

Asgeir Tveit

Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

**008/12 OPPFØLGING KOMMUNESTYRET SINE MERKNADER TIL
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – VURDERE RESSURSBRUK OG
BEMANNING INNAN PLEIE OG OMSORG – ASKVOLL KOMMUNE**

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 02.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	09.03.2012	08/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Brev til Askvoll kommune, datert 02.03.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssakene 13/08 og 15/11.
- RSK001.
- www.sekom.no – Rapportar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå sekretariatet om arbeidet med oppfølging av kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsprosjektet «Vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg» vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

**007/12 OPPFØLGING KOMMUNESTYRET SINE MERKNADER TIL
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – VURDERE RESSURSBRUK OG
BEMANNING INNAN PLEIE OG OMSORG – ASKVOLL KOMMUNE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Oppfølging kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten «Vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg», datert 13.11.2008.

Saksopplysningar:

Heimel i forskrift om kontrollutvals i kommunar og fylkeskommunar:

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. "

Kontrollutvalet vedtok 26.05.11 i sak 015/11 Oppfølgingsliste 2-2011 at det skulle følgjast opp om merknadane kommunestyret hadde til rapporten «Vurdere ressursbruk og bemanning innan PLO, datert 13.11.2008. skulle følgjast opp.

Sekretariatet sendte brev til administrasjonen 29.08.2011. Rapporten vi sendte førespurnad om vart forveksla med ein seinare levert rapport med liknande tema.

Sekretariatet har sendt ny førespurnad til Askvoll kommune om kva som er gjort i høve til dei merknadane kommunestyret hadde til rapporten. Dette vart gjort 02.03.2012. Den aktuelle rapporten er lagt ved brevet, slik at administrasjonen kan oppdatere seg på innhaldet i denne.

Vi har også lagt ut rapporten på vår heimeside www.sekom.no under menypunktet «Rapportar», slik at denne er tilgjengeleg for kontrollutvalsmedlemene der.

Vi forventar å kunne leggje fram administrasjonen si skriftlege tilbakemelding i neste møte.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Askvoll kommune

6988 ASKVOLL

Førde, 02.03.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: ¹¹⁴
~~107~~/12

Arkiv: Askvoll

STATUS I ADMINISTRASJONEN SITT ARBEID I HØVE TIL Å FØLGJE OPP MERKNADANE KOMMUNESTYRET HADDE TIL FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT "VURDERE RESSURSBRUK OG BEMANNING INNAN PLEIE OG OMSORG."

Etter §12 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at merknader kommunestyret har til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgt opp.

Kontrollutvalet i Askvoll heldt møte 26.05.2011. I sak 015/11 "Oppfølgingsliste 2-2011 Askvoll" gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber om ein skriftleg status på korleis administrasjonen ligg an i høve til arbeidet vedrørande merknadane til kommunestyret etter forvaltningsrevisjonsrapporten «Vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg».*

Rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg» vart lagt fram for kontrollutvalet i Askvoll i november 2008. Kommunestyret handsama rapporten i sak 009/09 «Ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg» i møte 02.03.2009 og gjorde følgjande vedtak

HSU har gjennomgått forvaltningsrevisjonsrapport om kontroll av lønsområdet:

A. Vurdere turnusplan for tilsette

HSU viser til at det er sett av kr. 200.000,- i 2009 budsjettet til arbeid med turnusplan. HSU ber om at det vert komme i gang og arbeidd raskt med å få ein godkjend turnusplan for tilsette.

B Vurdering av stillingsprosentane for tilsette og bruk av vikarar og ekstrahjelp:

HSU meiner det må gjerast ei realitetsvurdering av eksisterande tilsettingforhold og vurderingar kring trong for framtidig personell. Dei som ønskjer utvida stilling, eller har rett på større stillingsprosent, må gje melding om dette til arbeidsgjevar. Hovudmålet for pleie og omsorgssektoren må vere høg

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

livskvalitet for brukarane. Det må vere ein av dei viktigaste grunnane til at det vert arbeidd med å avskaffe uønskt deltid. Vidare er det sjølvsagt at auke i stillingane også må vere av omsyn til dei tilsette.

C Oppfølging av budsjett ved periodisk rapportering – rutinar for avviksrapportering:

I samarbeid med økonomiavdelinga må ein finne gode løysingar med avviksrapportering, jfr punkt 3 i rapporten. I høve økonomireglementet må fokus i budsjettkontrollane rette seg mot avvik.

D Kva er kostra

Punkt 5 handlar om kostra og registrering av fråvære og sjukemeldingar. HSU ber om at rutinane for rapportering vert gjennomgått og retta opp.


E Oppfølging av rapporten

HSU ber om tilbakemelding på korleis administrasjonen følgjer opp rapporten.

Til nærare orientering ligg rapporten ved.

Vi ber om ei skriftleg tilbakemelding om korleis kommunestyret sine merknader til rapporten er følgt opp.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit

SEKOM-sekretariat
Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

009/12 ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I ASKVOLL

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 02.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	09.03.2012	009/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Askvoll kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I ASKVOLL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Askvoll kommunestyre

ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Askvoll kommune har i år 2011 vore sett saman slik:

Medlemer 01.01.2012 – 17.10.2012

Jorunn Ringstad (leiar)

Ingelin Klokkernes (nestleiar)

Jorunn Blom Aalen

Kåre Jarl Haugen

Arvid Håland

Varamedlemer:

Walter Gundersen

Ingvar Bjarne Osland

Anne Cathrine Skarstein

Medlemer frå 17.10.2012

Jorunn Ringstad (leiar)

Ole Anders Myrstad

Ruben Fedøy

Kjellaug Mikalsen

Kåre Jarl Haugen

Varamedlemer:

Walter Gundersen

Jorunn Blom Aalen

Fritz Hugøy

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2010.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne §-en er det ei eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2011 har kontrollutvalet i Askvoll hatt fire møte der det er handsama i alt 28 saker.

Kontrollutvalet fekk levert forvaltningsrevisjonsrapport «KOSTRA – til hjelp i planlegging og styring i pleie og omsorg» datert 27.04.2011 frå KRYSS-revisjon. Kontrollutvalet sendte rapporten til politisk handsaming, med tilråding om at rapporten vart sendt over til Helse og sosial utvalet.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet har i 2011 handsama revisjonsrapport «prosedyrar/sakshandsaming og økonomiske rutinar ved opptak av barn i barnehage». Kontrollutvalet har sendt rapporten til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet har i 2011 vedteke at forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vurdering av innkjøpsfunksjonen" skal tingast på første møte i 2012.

Kontrollutvalet har handsama oppdragsansvarleg revisor si eiga vurdering av uavhengigheit og sendt denne over til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet vedtok at dei har som intensjon at faste medlemar og varamedlemar i kontrollutvalet skal delta på kontrollutvalsopplæring på Skei den 23.01.2012. Kontrollutvalet har også bede om å bli invitert til opplæringa av folkevalde i Askvoll kommune.

Administrasjonen har vore kalla inn til kontrollutvalet for å orientere om oppvekstsektoren.

I møtet den 18.11.2011 tinga kontrollutvalet overordna analyse som grunnlag for forvaltningsrevisjon for valperioden 2011 – 2015 frå KRYSS-revisjon.

På førespurnader frå Forum for Kontroll og Tilsyn godkjente kontrollutvalet at dei får legge ut kommunen sine revisjonsrapportar i PDF format på heimesida si.

Kontrollutvalet har i 2011 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste" og "Eventuelt".

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama "Møteplan for kontrollutvalet 2011", "Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet" og "Årsrekneskapen 2010 for Askvoll kommune", «Årsrekneskapen 2010 – Viltfondet».

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom at revisor har orientert om revisjonsarbeidet i samband med handsaming av årsrekneskapen for Askvoll kommune og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Askvoll den 9. mars 2012

Jorunn Ringstad
Leiar

Ole Anders Myrstad
Nestleiar

Ruben Fedøy

Kjellaug Mikalsen

Kåre Jarl Haugen

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

010/12 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I ASKVOLL 2012

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 02.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	09.03.2012	010/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan.
- Kommunestyrevedtak 082/11 «Møteplan 1. kvartal 2012 og forslag til prosess for utarbeiding av møteplan for resten av 2012».

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Askvoll for 2012 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I ASKVOLL 2012

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Askvoll for 2012.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2012 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Kommunestyret	19.12.2011	082/11	FRM
Formannskapet	19.12.2011	086/11	FRM

Saksbeh
Frida Melvær

Arkivsaknr
09/715-5

Arkiv
K1-033

Møteplan 1. kvartal 2012 og forslag til prosess for utarbeiding av møteplan for resten av 2012

ORDFØRAREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Ordføreren si tilråding.

1. Kommunestyret vedtek møteplanen for 1. kvartal 2012 slik den ligg føre.
2. Kommunestyret delegerer mynde til formannskapet og komitéleiarar å drøfte og legg fram ei evaluering av den politiske organiseringa med framlegg til eventuelle justeringar innan 30. januar 2012. Møteplanen for resten av 2012 må vere i samsvar med dei vedtak kommunestyret då gjer.
3. Ordførar utarbeider møteplan for resten av 2012 og legg denne fram for formannskapet 19. februar og kommunestyret i 5. mars.

19.12.2011 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet er samd i ordføraren sitt framlegg til vedtak.

FOR-086/11 TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner ordføraren sitt framlegg til vedtak.

19.12.2011 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet si tilråding vart vedteken.

KOM-082/11 VEDTAK:

1. Kommunestyret vedtek møteplanen for 1. kvartal 2012 slik den ligg føre.
2. Kommunestyret delegerer mynde til formannskapet og komitéleiarar å drøfte og legg fram ei evaluering av den politiske organiseringa med framlegg til eventuelle justeringar innan 30. januar 2012. Møteplanen for resten av 2012 må vere i samsvar med dei vedtak kommunestyret då gjer.
3. Ordførar utarbeider møteplan for resten av 2012 og legg denne fram for formannskapet 19. februar og kommunestyret i 5. mars.

Framlegg til møteplan for 2012

Månad	Kommunestyre	Komitè møte	Formannskap
	Tid: 13.00	Tid: 09.00	
Januar	Måndag 30. (sakene blir sendt ut 23.)	Måndag 30.	Torsdag 5. Torsdag 19. (sakene blir sendt ut 12.)
Februar			Torsdag 16. (sakene blir sendt ut 9.)
Mars	Måndag 5. (sakene blir sendt ut 27. februar)	Måndag 5.	Torsdag 15. (sakene blir sendt ut 8.)

Kva saka gjeld:

Møteplan for 1. kvartal 2012, justeringar av den politiske organiseringa og utarbeiding av møteplan for resten av 2012.

Saksutgreiing:

Det har dei siste månadane komme fleire innspel med omsyn til den politiske modellen vi har valt. Det kan bli behov for å sjå på om det bør gjerast enkelte justeringar av komitèmodellen for at den skal opplevast meir smidig. Det har vore vanskeleg å legge ein god møteplan for 2012 då fleire ting er uavklart. Skal komitè møta halde fram med å ligge til kommunestyredagen, eller bør møta leggjast på førehand slik som mellom anna Naustdal kommune gjer det?

Forholdet mellom formannskapet sine oppgåver og komitèen for plan og økonomi har også blitt diskutert ved fleire høve, like eins budsjettprosessen.

Formannskapet drøfta i møte 1. desember korleis møteplanen burde leggast opp. Det vart der konkludert med at første kvartal skal byggje på kommunestyrevedtaket som vart gjort 23. september i år. Det vart vidare foreslått at formannskapet ber kommunestyret om å få delegert mynde til å ta ein gjennomgang av dei erfaringane og innspela som har komme i løpet av hausten, og saman med komiteleiarane utarbeide eit framlegg til eventuelle endringar. Det er kommunestyret som til slutt skal vedta ei endring/justering.

Konklusjon:

Dersom kommunestyret delegerer til formannskapet og komiteleiarane å gjere ei vurdering av den politiske organiseringa, kan vi legge opp til følgjande løp:

- Formannskapet og komiteleiarane har møte 5. januar for å drøfte saka. Det kan haldast fleire møter dersom det blir naudsynt.
- Sak til kommunestyret skal vere ferdig til møtet 30. januar.

Møteplanen vert utarbeidd av ordførar i etterkant av kommunestyret 30. januar,

011/12 OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 - ASKVOLL

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 02.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	09.03.12	011/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2012 Askvoll.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 - ASKVOLL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 02.03.2012

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2011 - Askvoll.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Askvoll kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
13/08 Forvaltningsrevisjonsrapport -- vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg.	04.12.08	Det skal følgjast opp at vedtaket til kommunestyret vert gjennomført.	04.12.08 Tilråding KU. 04.12.08 Saka s kst. 02.03.09 Vedtak kst sak 09/09. Neste: Oppfølging av vedtak
020/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.12.09		10.12.09 Vedtak KU - Orientering frå adm. - Tertialrapportar - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Orientering frå revisor - Kvalitetsrapportar frå revisor.
012/11 Forvaltningsrevisjonsrapport "KOSTRA – til hjelp i planlegging og styring i Pleie og omsorg.	26.05.11		26.05.11: Tilråding sendt til Kst.
022/11 Skriv og meldingar	18.11.11		18.11.11 – Vedtak KU: Skriv og meldingar teken til vitande.
023/11 Opplæring	18.11.11		18.11.11 – Vedtak KU: - Ber om å bli invitert til opplæringa av folkevalte i Askvoll kommune. - Intensjon om at faste og vara medlem skal delta på KU opplæring på Skei 23.01.12.
024/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Val av prosjekt	18.11.11		18.11.11 – Vedtak KU: - Kontrollutvalet ynskjer å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vurdering av innkjøpsfunksjonen". - SEKOM-sekretariat utformar tinging av prosjektet som vert handsama på neste møte.
025/11 Overordna analyse.	18.11.11		18.11.11 – Vedtak KU: Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon.
026/11 Oppfølgingsliste 4-2011 – Askvoll	18.11.11		18.11.11 – Vedtak KU: - Det vert teke opp sak til neste møte i kontrollutvalet om å følgje opp kommunestyret sine merknader til Forvaltningsrevisjonsrapport – Vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg. Jfr sak 13/08. - Elles blir oppfølgingsliste 4-2011 teken til vitande.
027/11 Eventuelt	18.11.11		18.11.11 – Vedtak KU: - Det vert teke opp sak om å kalle inn rådmannen for å orientere og teknisk sektor. - Medlemer i kontrollutvalet som ikkje er medlemer i kommunestyret ynskjer å få tilsendt innkallingar til og protokollar for kommunestyremøte og formannskapsmøte.
028/11 Orientering Teknisk Sektor	18.11.11		18.11.11 – Vedtak KU: - Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om teknisk

			sektor. 21.11.11 s. brev Askvoll kommune.
Sak 01/12 Godkjenning innkalling og sakliste.	09.03.12		
Sak 02/12 Skriv og meldingar.	09.03.12		
Sak 03/12 Orientering teknisk sektor v/rådmannen.	09.03.12		
Sak 04/12 Klagesak – Vurdering lovlegheit av kst-vedtak 15/11.	09.03.12		
Sak 05/12 Investeringsprosjekt – Rekneskapar og sluttrapoportar.	09.03.12		
Sak 06/12 Eigevurdering uavhengigheit revisor.	09.03.12		
Sak 07/12 Tinging forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdering av innkjøpsfunksjonen.	09.03.12		
Sak 08/12 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg.	09.03.12		
Sak 09/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.	09.03.12		
Sak 010/12 Møteplan 2012 for kontrollutvalet.	09.03.12		
Sak 011/12 Oppfølgingsliste 1-2012.	09.03.12		
Sak 012/12 Eventuelt.	09.03.12		

Oppdatert 02.03.2012

012/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 02.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.03.2012	012/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.